




GULEN KOMMUNE  
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTE



# Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019-2022

Plan-ID 2018001



GULEN - HISTORISK OG FRAMTIDSRETTE med:  
gode oppvekstvilkår  
livskraftige og samarbeidande bygder  
mangfald og rom for alle



## FORORD

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er det området som engasjerer flest menneske i fritida. Aktivitet fremjar fysisk og psykisk velvære, og det er i kommunen si interesse at alle innbyggjarane er i god form.

Det krev aktiv samfunnsplanlegging for å ivareta desse interessene i arealforvaltning, og for å få til ei fornuftig tilrettelegging og organisering av dei ulike aktivitetane. For å oppnå dette er det viktig å utvikle gode planar som politiske styringsdokument for utviklinga innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Ein kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er eit politisk dokument, og skal vere ein styringsreiskap for å nå kommunen sine mål på feltet. I denne planen vil ein finne politiske målsettingar og strategiar for å sikre tilgang til og tilrettelegging for fysisk aktivitet, og ein konkret del for anleggsutbygging og tiltak.

Denne planen er underlagt kommuneplanen sin samfunns- og arealdel, og prioriteringane som er gjort i idrettsplanen skal også samordnast med kommunen sin handlingsplan og økonomiplan der det er nødvendig. Planen tek også omsyn til relevant lovgiving, samt nasjonale og regionale føringar knytt til idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.


I arbeidet med planen har det vore lagt vekt på å ha realistiske planar med omsyn til økonomi, og å vurdere behov i høve til den reelle aktivitetsutviklinga, engasjementet og etterspurnaden i kommunen.

Som for mange andre kommunar, er aktivitetsnivået i Gulen avhengig av den frivillige innsatsen som lag og organisasjonar legg ned kvart år. Kommunen er denne innsatsen både bevisst og takknemleg. Ved mellom anna å definere satsings- og ansvarsområder, ynskjer Gulen kommune at denne planen skal leggje til rette for å styrke samarbeidet mellom kommune og det frivillige. På denne måten vil me kunne nå dei målsettingane som planen set.

For å sikre brei deltaking i planarbeidet vert det oppnemnt ei prosjektgruppe. Forhold som oppstår og som ikkje kan løysast innanfor prosjektgruppa, er drøfta med rådmann eller lagt fram for styringsgruppa av prosjektleiar. Prosjektleiar rapporterer til rådmannen.

## Organisasjonsplan

---



Utlagt til offentlig ettersyn av Kommunestyret 18.10.2018, K-sak 070/18

Godkjent av formannskapet i FSK-sak 058/18 og kommunestyret i K-sak 086/18,  
06.12.2018

<b>FORORD</b> .....	<b>2</b>
<b>1. INNLEIING OG BAKGRUNN</b> .....	<b>6</b>
1.1 PLANEN SKAL LEGGE FØRINGAR FOR:.....	6
1.2 PLANPROSESSEN .....	7
1.3 OMSYN TIL KOMMUNEPLANEN .....	7
1.4 OMSYN TIL REGIONAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2014-2017 .....	8
1.5 OMSYN TIL NASJONALE LOVER, FØRINGAR OG RETNINGSLINJER .....	10
<b>2. UTVIKLINGSTREKK I GULEN KOMMUNE</b> .....	<b>11</b>
2.1 FOLKETAL OG FOLKETALSUTVIKLING .....	11
2.2 AKTIVITETSMØNSTER I GULEN 2017.....	12
2.3 TREKK VED FOLKEHELSE I GULEN I 2017 .....	13
<b>3. RESULTATVURDERING AV PLAN FOR 2014-2018</b> .....	<b>15</b>
3.1 STATUSOVERSYN FOR UTBYGGING AV ORDINÆRE ANLEGG 2014-2018.....	15
3.2 STATUSOVERSYN FOR UTBYGGING AV NÆRMILJØANLEGG 2014-2018 .....	16
3.3 IKKJE REALISERTE ANLEGG .....	16
<b>4. AKTIVITET I GULEN KOMMUNE</b> .....	<b>17</b>
4.1 ORGANISERT IDRETT OG FRILUFTSLIV I GULEN.....	17
4.2 ANLEGG OG TILRETTELAGDE OMRÅDER FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV.....	18
<b>5. FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV – ANALYSE AV BEHOV OG UTFORDRINGAR I GULEN</b> .....	<b>20</b>
5.1 ORDINÆRE ANLEGG .....	21
5.1.1 fleirbrukshall .....	21
5.1.2 symjebasseng.....	21
5.1.3 stadionanlegg .....	22
5.1.4 skyteanlegg .....	22
5.2 NÆRMILJØANLEGG .....	22
5.3 ANLEGG I FRILUFTSLIV .....	23
5.4 KOMPETANSEHEVING OG INFORMASJON.....	24
5.5 INTRAKOMMUNALT SAMARBEID.....	24
5.6 INTERKOMMUNALT SAMARBEID .....	24
<b>6. HANDLINGSPROGRAM 2019-2022</b> .....	<b>25</b>
6.1 HANDLINGSPROGRAMMET SITT INNHALD OG KRITERIER FOR OPPTAKING .....	25
6.2 PRIORITERT HANDLINGSPROGRAM 2019-2022.....	27
6.3 LANGSIKTIG HANDLINGSPROGRAM.....	33
6.4 OMTALE AV DEI PRIORITERTE PROSJEKTA – ORDINÆRE ANLEGG .....	35
6.4.1 Symjeanlegg, dalsøyra oppvekstsenter .....	35
6.4.2 Rehabilitering av bassenget i eivindvik .....	36
6.4.3 Fleirbrukshall, dalsøyra / ytre akse.....	36
6.4.4 Rehabilitering standplass 100 meter, Oppedal/brekke skyttarlag.....	36
6.4.5 Rehabilitering standplass 200 meter, oppedal/brekke skyttarlag.....	36
6.4.6 Prestegardstien II, Eivindvik .....	36
6.4.7 Kunstgrasbane med lys, eivindvik barnehage og skule .....	37
6.4.8 Kunstgrasbane med Lys, Byrknes barnhage og skule .....	37
6.4.9 Tennisbane, dalsøyra skule og barnehag .....	37
6.4.10 Lysanlegg, tur- og gangveg Tusenårstaden.....	37
6.4.11 Den Trondhjemske Postveg, Halsvik .....	37
6.4.12 Dagsturhytte, Eivindvik .....	38
6.5 OMTALE AV DEI PRIORITERTE PROSJEKTA – NÆRMILJØANLEGG .....	38
6.5.1 Hinderløype, Brekke barnehage og skule .....	38
6.5.2 Sykkelsti, Brekke barnehage og skule .....	38
6.5.3 Ballbinge, eivindvik .....	38
6.5.4 Rehabilitering ballbinge, Byrknes barnehage og skule .....	38
6.5.5 Lager/garasjebygg, Dalsøyra kunstgrasanlegg.....	38
6.5.6 Løpebane med lysanlegg, eivindvik skule.....	39
6.5.7 Hinderløype med zipline og lysanlegg, eivindvik skule .....	39

6.5.8	Klatrevegg med lysanlegg, Eivindvik skule .....	39
6.5.9	Hinderløype med Zipline og lysanlegg, dalsøyra skule .....	39
6.5.10	Natursti, dalsøyra .....	39
6.5.11	Utandørs tennisbord, dalsøyra .....	39
6.5.12	Løpebane, dalsøyra.....	40
6.5.13	Pumptrack, Byrknes skule .....	40
6.5.14	Opprusting leikeområde, Byrknes skule.....	40
6.5.15	Lysanlegg turveg, ortneset / brekkebygda .....	40
6.5.16	Naturleikeplass, breidvikstølen.....	40
<b>7.</b>	<b>HANDLINGSPROGRAM KULTURBYGG .....</b>	<b>40</b>
<b>8.</b>	<b>VEDLEGG .....</b>	<b>43</b>

## 1. INNLEIING OG BAKGRUNN

Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett, og friluftsliv har status som kommunedelplan for kultur og idrett i Gulen for perioden 2019-2022.

Kulturdepartementet har sett krav om kommunedelplanar og fylkesdelplanar for anlegg og område for idrett og friluftsliv for at det skal kunne søkjast om spelemidlar til delfinansiering av bygging. Anleggsutbygginga skal vere gjenstand for klare behovsvurderingar bygd på samfunnsmessige og idrettspolitiske mål. Planen er derfor eit styringsverktøy for anleggsutbygginga i kommunen. Planane skal sikre at prioriteringar ikkje vert gjort ut frå kortsiktige behov og på bakgrunn av press frå særinteresser. Målet er ei planstyrt utbygging og bruk av spelemidlar.

Fylkeskommunen har sett krav om at anlegg med stor kostnad eller anlegg som krev store areal og kan vere ei stor miljøbelastning, skal styrast av Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Desse må ha nødvendig prioritet i fylkesdelplanen for idrett og friluftsliv for å kunne få spelemidlar. Vedteken regional plan gjeld for perioden 2016-2019. Fylkeskommunen sin plan byggast på innspel frå dei vedtekne kommunedelplanane.

Planen skal innehalde ein langsiktig del som er tufta på kjende data om utviklinga i kommunen, og eit prioritert handlingsprogram for dei næraste 4 åra. Handlingsprogrammet er delt opp i eit handlingsprogram for tiltak og eit handlingsprogram for anleggsutbygging. Det ligg eit eige kapittel for kulturbygg i planen. Planen må knytast opp til kommuneplanen sin arealdel, og andre aktuelle kommunedelplanar og reguleringsplanar.

Fysisk aktivitet er viktig for alle, både med tanke på den enkelte si oppleving av glede og i høve til dei positive effektane trening har for vår fysiske og mentale helse. Å drive fysisk aktivitet er for mange viktig for glede, mestring, trivsel og sosialt samvær. Fysisk aktivitet er viktig for den motoriske og fysiske utviklinga hos born. Denne utviklinga har gått i feil retning dei siste 20 åra. Dei som trenar, trenar sannsynlegvis ikkje mindre enn før, men den daglege aktiviteten er redusert. Derfor er det viktig å legge til rette for tiltak som aukar kvardagsaktiviteten.<sup>1</sup>

Staten har som mål å leggje til rette for at flest mogleg skal kunne drive med idrett og fysisk aktivitet. Det er difor viktig å forme infrastruktur og nærmiljø slik at det er låge tersklar for mosjon. Planen legg i større grad enn tidlegare vekt på verdien av friluftsliv og uorganisert aktivitet. Utdringa er å få fleire sektorar til å samhandle for å auke folkehelse, inkludering og trivsel, noko som også er prioriterte oppgåver både i samfunnsplanen og i kulturplanen.

### 1.1 PLANEN SKAL LEGGE FØRINGAR FOR:

- Ei målstyrt utbygging og tilrettelegging av område for idrett og friluftsliv
- Grunnlag og bakgrunnsinformasjon for søknad om spelemidlar
- Samordning og koordinering innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Å sikre areal for leik, friluftsliv og idrett
- Å sette fokus på relevante problemstillingar innan fagområdet
- Å få kunnskap om aktivitetsnivå og behov for anlegg innan forskjellige aldersgrupper og aktivitetar
- Å legge til rette for drift og vedlikehald av anlegg
- Å samle ulike tiltak som lag, organisasjonar eller kommunen gjennomfører for å fremje meir fysisk aktivitet

Kravet om å utarbeide ein tematisk kommunedelplan for anlegg og områder for idrett vart første gong introdusert i St.meld.nr. 41 (1991-1992) om idrett. Plandokumentet er det formelle grunnlaget for Kulturdepartementet si tildeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i kommunen. Gulen kommune vedtok sin første kommunedelplan for anlegg og områder for idrett i K-sak 220/95.

<sup>1</sup> [Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv](#) – fullstendig kjelde finst i kjeldelista

Planarbeidet skjer etter plan- og bygningslova (pbl) sine føresegner og det er eit krav at arbeidet vert koordinert med kommuneplanen sine omsyn. Det ligg ingen økonomiske forpliktingar i planen, men anlegg som ligg inne i handlingsprogrammet med kommunal løyving må oppfattast som innspel til økonomiplanen. Alle kommunale tilskot må handsamast eksplisitt av politikarane før dei kan verte tildelte.

Heile planen skal reviderast med fullstendig sakshandsaming etter pbl minst ein gong i kvar valperiode, og det fireårige prioriterte handlingsprogrammet skal rullerast kvart år.

## 1.2 PLANPROSESSEN

I følgje plan- og bygningslova skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet for alle regionale og kommunale planer som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Planprogrammet skal syne målet med planarbeidet, gjere greie for planprosessen med deltakarar og fristar, og trygge medverknad. Vedteke planprogram skal leggjast ut på høyring i minimum 6 veker. Utarbeiding av eit planprogram er heimla i plan- og bygningslova § 4-1.

Vedtak om oppstart av revisjon vart gjort av Gulen Formannskap 12.04.2018. Planprogrammet vart godkjent og lagt ut på høyring med frist for innspel 25.05.18. Det kom ingen innspel til planprogrammet.

Sentrale personar frå ulike tenesteområde har vore med å utarbeide planen. Det vart gjennomført informasjon og innspelsmøte i juni 2018 i samarbeid med rådgjevar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Planforslaget er lagt fram for Hovudutval Plan og utvikling, Ungdomsrådet og Formannskapet før vedtak av endeleg plan i kommunestyret 06.12.2018.

## 1.3 OMSYN TIL KOMMUNEPLANEN

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. I samfunnsdelen av planen går det fram at kommunen sin visjon er som følgjer:

**GULEN – HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA** med  
gode oppvekstvilkår  
livskraftige og samarbeidande bygder  
mangfald og rom for alle

Hovudsatsingane for den noverande planperioden er delt inn i tre temaområder med konkrete mål og strategiar. Der det er naturleg, bør den kommunale planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv sikte på å bidra til at måla i kommuneplanen vert oppnådd.

Hovudinnsatsområder	Mål
Busetnad/kommunale tenester	<ul style="list-style-type: none"><li>• Auke innbyggjartalet til minimum 2500</li><li>• Behalde fire robuste bygdesenter med levande grender rundt</li><li>• Sikre innbyggjarane gode tilbod</li><li>• Skape møteplassar</li></ul>
Infrastruktur/næringsliv	<ul style="list-style-type: none"><li>• Fleire lønsamme og varierte arbeidsplassar</li><li>• Kommunen skal vere eit felles bu- og arbeidsområde</li></ul>



	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Minske avstandsulemper</li> </ul>
Born og unge/kultur	<ul style="list-style-type: none"> <li>• God kvalitet på tenester til born og unge</li> <li>• Trygge og gode oppvekstvilkår</li> <li>• Skape felles identitet</li> </ul>

#### 1.4 OMSYN TIL REGIONAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2014-2017

##### Regionale føringar:

- [Kulturstrategi for Sogn og Fjordane 2015-2018](#)
- [Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 - 2019](#)
- [Regional plan for folkehelse 2015 - 2025](#)


Desse planane peikar på ein del utviklingstrekk som planen må ta omsyn til. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016- 2019 legg meir vekt på aktivitet og verkemiddel for aktivitet enn tidlegare planar, som har vore meir ein plan for bygging av anlegg. Regional plan for folkehelse bygger på statlege retningslinjer og peikar spesielt på inkludering og forståing av eiga helse. Kulturstrategien for Sogn og Fjordane 2015- 2018 har mellom anna som mål at kulturlivet skal bidra til at folketalet aukar i fylket vårt. Den har òg som mål at ein skal ha kompetente kulturarbeidarar som samverkar og løftar det frie og frivillige feltet.

##### Nasjonale føringar: <sup>2</sup>

- [Kulturlova](#)
- [Plan- og bygningslova](#)
- [Kulturdepartementet - bestemmelser om tilskudd for idrett og fysisk aktivitet - 2018](#)
- Ulike stortingsmeldingar – ved bruk av meldingar blir det vist til kjelde i fotnote

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 er utarbeida av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Planen gir overordna retningslinjer for dei fylkeskommunale satsingsområda og prioriteringane når det gjeld alle former for fysisk aktivitet, inkludert tildeling av spelemidlar. Det er difor viktig at kommunale planar for idrett og fysisk aktivitet er samkøyrt med dei fylkeskommunale prioriteringane.

Visjonen for den regionale planen er <sup>3</sup>:



Med «tilstrekkeleg fysisk aktive» refererer planen til dei nasjonale helsestyresmaktene sine tilrådingar.

- ✓ Born og unge vert tilrådd minimum 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag.

<sup>2</sup> Fullstendige lenkjer finst i kjeldelista

<sup>3</sup> Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2016-19), «Kapittel 4. Visjon», Sogn og Fjordane fylkeskommune



- ✓ Vaksne vert tilrådd 150 minutt moderat aktivitet, eller 75 minutt intensiv aktivitet i veka.

Ei oppsummering av strategiar og satsingsområder i Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 er lagt ved denne planen som vedlegg 1.

Den regionale planen legg stor vekt på verkemiddel og tiltak for å få fleire i fylket vårt til å vere fysisk aktive. Planen legg vekt på behovet alle har for fysisk aktivitet, og utviklinga av anlegg er tilpassa dette. Nasjonal politikk innan fysisk aktivitet gjev retning og føringar som er lagt til grunn i planen, og såleis for arbeidet vidare i lag og organisasjonar, kommunar og fylkeskommunen. Endringane i planen er positive då ein i større grad legg vekt på at alle kan vere fysisk aktive på sitt nivå.

Signala som blir gitt i denne planen og i Stortingsmelding nr. 16 (2011 – 12) er ei større satsing på anlegg som aktiviserer fleire av innbyggjarane. Undersøkingar viser at flest er aktive der det er lagt til rette for aktivitet i naturen og der ein utviklar anlegg for eigenorganisert aktivitet som mange brukar og ligg tett på der folk bur<sup>4</sup>. Nedanfor er det lista opp ein del punkt som er aktuelle for prioritering av spelemiddelsøknader og dermed anleggsutviklinga i Gulen kommune.

#### **Generelt:**

- ✓ Det er eit mål at talet på anlegg som turveggar og løyper i nærmiljøet skal auke i planperioden. Friluftslivanlegg slik dei er definert i gjeldande føresegner frå Kulturdepartementet, skal ha 1. prioritet ved tildeling av spelemidlar.
- ✓ Viktig å få til ei god og riktig utvikling av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Behovet for anlegg er stort, særleg viktig er det
  - 1) Tilgang på anlegg – alle må sikrast tilstrekkeleg tilgang til anlegg
  - 2) Geografisk avstand – folk bur spreidd, det bør takast omsyn til geografisk fordeling av anlegg. Alle bør sikrast god tilgang til ulike typar anlegg, utan for lang reisetid.
- ✓ Anlegg som vert til gjennom interkommunalt tiltaks- og plansamarbeid skal prioriterast.
- ✓ Store investeringar i kostnadskrevjande anlegg skal vurderast opp mot
  - Målsettingar og prioriteringar i den regionale planen
  - Den aktiviteten desse anlegga skaper opp mot kva aktivitet andre anlegg skaper
  - Ynskje om å redusere etterslep på spelemidlane
  - Behov i høve til folketettleik og geografisk avstand til næraste anlegg av same type

#### **Anlegg som skal styrast av regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv:**

##### **Fleirbrukshall:**

- ✓ Det vert tilrådd å utvikle normalhallar framfor liten fleirbrukshall, sjølv om desse er føremålstenelege der det ikkje er rom for ein normalhall.
- ✓ I kommunar med under 5000 innbyggjarar vert det berre gitt spelemidlar til ein fleirbrukshall (normalhall).
- ✓ Etablering av nye hallar bør skje sentrumsnært der folk bur og i tilknytning til ein skule.

##### **Fotballhall:**

- ✓ Det er rom for tre nye treningshallar til fotball (40 x 60 m), inkludert kaldhallar i fylket.
- ✓ Det er ynskjeleg at hallane vert utvikla med ulike delanlegg som bidreg til å skapa aktivitet.
- ✓ Etablering av hallar bør skje sentrumsnært der folk bur og tilknytt ein skule
- ✓ Nye fotballhallar må vurderast i den regionale planen

##### **Kunstgrasbane:**

- ✓ Det er ikkje rom for å etablere meir enn 45 kunstgrasbaner med speleflate lik eller større 64 x 100 meter i Sogn og Fjordane

---

<sup>4</sup> Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2016-19), «Vedlegg nr 2, s. 4», Sogn og Fjordane fylkeskommune

- ✓ Det er folketalet i kvar kommune som avgjer talet på kunstgrasbane (64 x 100 m)

#### **Symjehallar:**

- ✓ Rehabilitering av symjeanlegg skal prioriterast i fylkeskommunal tildeling av spelemidlar
- ✓ Det er ynskjeleg at symjeanlegga i fylket er i god stand, er opne for idrettstilbod og er tilgjengeleg for folk elles
- ✓ Det er ikkje rom for å nytte spelemidlar til fleire store badeanlegg (av typen Trivselshagen, Lustrabadet, Havhesten og Høyangerbadet)

#### **Motorsport:**

- ✓ Vidareutvikling av motorsport i Sogn og Fjordane gjennom spelemiddelordninga skal skje ved anlegga i Flora, Førde, Sogndal og eit anlegg i Nordfjord

#### **Skyttaranlegg**

- ✓ Det er ikkje rom for å gje spelemidlar til etablering av nye anleggsstader for skyting utover dei eksisterande og dei nye anlegga som ligg inne i planen for Sogn og Fjordane
- ✓ Kommunane skal i sine kommunale planverk peike ut eitt hovudanlegg for skyting og eventuelle treningsanlegg
- ✓ Spelemidlar vert berre gitt hovudanlegget
- ✓ Det kan, etter særskilt vurdering, gjevast spelemidlar til eitt treningsanlegg der avstanden til hovudanlegget krev bilkøyring i meir enn 45 minutt

I Gulen er Nyborg definert som hovudanlegg, medan Oppedal/Brekke si bane er definert som treningsanlegg.

## **1.5 OMSYN TIL NASJONALE LOVER, FØRINGAR OG RETNINGSLINJER**

Sentrale stortingsmeldingar;

- Meld. St. 6 (2012-2013) En helhetlig integreringspolitikk
- Meld. St. 30 (2011-2012) Se meg!
- St. meld. 26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen
- Meld. St. 10 (2011-2012) Kultur, inkludering og deltaking
- Meld. St. 22 (2010-2011) Motivasjon – Mestring – Muligheter
- Meld. St. 19 (2009-2010) Tid til læring
- St. meld. Nr. 47 (2008-2009) Samhandlingsreformen
- St. meld. Nr. 41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagene
- St. meld. Nr. 37 (2007-2008) Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn
- St. meld. Nr. 31 (2007-2008) Kvalitet i skolen
- St. meld. Nr. 39 (2006-2007) Frivillighet for alle
- St. meld. Nr. 20 (2006-2007) Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller
- St. meld. Nr. 16 (2006-2007) Og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring
- St. meld 16 (2002.2003) Resept for et sunnere Norge
- St. meld. 39 (2000-2001) Friluftsliv, ein veg til høgare livskvalitet
- St.meld. 14 (1999-1992) Idrettslivet i endring – om staten sitt forhold til idrett og fysisk aktivitet

Rettleiarar;

- Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet
- Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg

Andre dokument;

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, Vedteken ved kongelig resolusjon 12. juni 2015


Departementet set kravet til minstekostnad for nærmiljøanlegg til kr. 50 000.

## 2. UTVIKLINGSTREKK I GULEN KOMMUNE

### 2.1 FOLKETAL OG FOLKETALSUTVIKLING

Gulen er ein kystkommune som ligg vakkert plassert på sørsida av innløpet til Sognefjorden. Landarealet dekker 596 km<sup>2</sup> med variert landskap, frå fjellheimen og frodige landbruksbygder i aust til over 1500 øyar og holmar ut mot havgapet i vest. Gulen kommune har 2318 innbyggjarar (pr. 2.kvartal 2018). Innbyggjarane fordeler seg høvesvis jamt på dei fire skulekrinsane Brekke, Dalsøyra, Byrknes og Eivindvik.

Årleg folketalsutvikling



Tal personar	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Fødselsoverskot	-17	-7	-19	-1	-7	-3	0	7	-13	-9
Netto innvandring	6	31	25	30	36	17	21	25	4	12
Netto innanlansk flytting	-62	-5	-9	-18	-34	-4	-2	3	10	-30
Folkevekst	-73	19	-3	11	-5	10	20	35	1	-26


Folketalutviklinga er avgjerande når ein skal vurdere behovet for nye anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Anleggsmassen bør vere tilpassa aktivitetsprofilen og alderssamansetninga i befolkninga. I tillegg bør anleggsutviklinga tilpassast busetnadsområda i kommunen og helst knytast til skule/barnehage. Som tabellen over viser, har folketalsutviklinga vore i vekst ein periode før ein nedgang att i 2017.

Variable3	2020	2030	2040
0-5 år	148	158	156
6-15 år	258	270	292
16-66 år	1 457	1 397	1 430
67 år eller eldre	463	562	639
Totalt folketal	2 370	2 387	2 517

Framsyinga ovanfor viser forventa folketalsframskriving for ulike aldersgrupper i Gulen kommune fram til 2040. Talet på eldre over 67 er forventa å auke betrakteleg, spesielt samanlikna med talet på innbyggjarar i yrkesaktiv alder. Dette stiller krav til nye måtar å løyse omsorgsbehovet på, og poengterer viktigheita av førebyggjande arbeid gjennom fysisk aktivitet frå tidleg alder. Samstundes poengterer det viktigheita av å ha tilbud til dei eldre og legge til rette for aktiv aldring. Det er eit mål at alle kan vere aktive gjennom heile livet.

## 2.2 AKTIVITETSMØNSTER I GULEN 2017

Gulen Idrettsråd




Medlemstal					
Klubb	2013	2014	2015	2016	2017
Brekke IL	249	225	244	226	225
Brekke Sportskytterklub*					18
Dalsøyra IL	138	132	143	145	207
Eivindvik IL	199	207	209	344	323
Gulen Fotballklubb	130	136	87	45	60
Gulen Luftsporklubb	40	63	46	56	66
Gulen Sportskytterlag	12	12	15	7	36
Sandøy Pistolklubb	10	11	12	11	12
Ytre Gulen IL	179	182	150	157	157
<b>Totalt</b>	<b>957</b>	<b>964</b>	<b>966</b>	<b>985</b>	<b>1084</b>
Folketal	2315	2335	2370	2371	2343
Medlemstal % av folketal	41,3 %	41,3 %	40,8 %	41,5 %	46,2 %

Kjelder: NIF si idrettsregistrering, presentert av SFIK

© 2017 Norges Idrettsforbund

Oversikt frå Norges Idrettsforbund syner at spesielt Dalsøyra og Eivindvik Idrettslag har hatt stor auke i antal medlemmar, medan Brekke og Ytre Gulen idrettslag har hatt noko nedgang. Sportskyttarklubbane har jamn deltaking, i tillegg har vi eit stort miljø innan DFS skyting som ikkje syner her.




Tabellen syner andel prosent av Gulen si befolkning som er medlem i organisert idrett fordelt på alder. Her ser vi at det er ein del å hente på dei ulike aldersgruppene. Denne syner heller ikkje medlemmar innan DFS skyting, noko som kan gjere eit utslag. Det er stadig fleire som driv eigenorganisert trening og aktivitet i naturen. Det er stor sansynligheit for at dette gjeld også i Gulen.

## 2.3 TREKK VED FOLKEHELSE I GULEN I 2017

Nasjonalt folkehelseinstitutt har publisert folkehelseprofilar for alle kommunane i landet<sup>5</sup>. Dette skal vere eit bidrag til kommunane sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar denne. For Gulen får vi ut følgjande opplysningar:

- Aldersgruppa 45 år og eldre er andelen som bur åleine ikkje eintydig forskjellig frå landsnivået
- Andelen born 0-17 år som lever i husstander med låg inntekt, er lågare enn landsgjennomsnittet. (under 60% av nasjonal mediainntekt) .
- Andel 5. klassingar som er på lågaste meistringsnivå i lesing er høgare enn landsnivået
- Fråfall i vidaregåande skule skil seg ikkje frå landsnivået.
- Andel med overvekt/fedme skil seg ikkje eintydig frå landsnivået vurdert etter resultat frå nettbasert sesjon for gutar og jenter (17 år)
- Antibiotikabruken i kommunen er høgare enn landsnivået, målt etter tal for utlevering av antal reseptar.



Ein observasjon på Folkehelsebarometeret for kommunen er at vi har høge tal på ungdomsskulerelevantar som i løpet av dei siste 12 månadane har «drukke så mykje at dei har følt seg tydeleg rusa». Vi har signal som seier at trenden kan vere i ferd med å snu, frå år der det har vore lite bruk av alkohol blant ungdom. Dette er viktig å ha fokus på.

### Helsetilstand i Sogn og Fjordane, ikkje oppgitt på kommunalt nivå.

Sogn og Fjordane har ein førekomst av muskel-/skjelettlidingar som ligg over landsgjennomsnittet, medan førekomsten av hjarte-/karsjukdomar, nye krefttilfelle og tannrote blant 5-åringar ligg på landsnivå. Talet på tilfelle av diabetes 2, talet på nye krefttilfelle og bruk av medisinar mot KOLS og astma aukar i Sogn og Fjordane. Auken i nye krefttilfelle ligg over landsgjennomsnittet.

Indikator	Nivået	Utviklinga i fylket	Utviklinga samanlikna med landet
Psykiske lidningar	Grøn	Grøn	Grøn
Hjarte-/karsjukdom	Raud	Raud	Raud
Muskel- og skjelettliding	Raud	Raud	Raud
Diabetes 2	Grøn	Raud	Grøn
Nye krefttilfelle	Grøn	Raud	Raud
Medisinar mot KOLS eller astma	Grøn	Raud	Raud
Høl i tennene – 5 åringar	Grøn	Grøn	Grøn
Høl i tennene – 12 åringar	Grøn	Grøn	Raud

*Forklaring: Den fyrste spalta, «Nivået», viser om indikatorverdien for Sogn og Fjordane i dag er betre (grøn farge), lik (gul farge) eller dårlegare (raud farge) enn landsgjennomsnittet.*

*Den andre spalta, «Utviklinga i fylket», viser om indikatorverdien for Sogn og Fjordane har blitt betre (grøn), er uendra (gul) eller blitt dårlegare (raud) i løpet av den perioden vi ser på. Perioden er ulik for dei forskjellige variablane, avhengig av kva datamateriale som er tilgjengeleg.*

*Den tredje spalta, «Utviklinga samanlikna med landet», viser om indikatorverdien for Sogn og Fjordane har utvikla seg betre*

<sup>5</sup> Folkehelseprofil for 1411 Gulen, januar 2017, [www.fhi.no/folkehelseprofiler](http://www.fhi.no/folkehelseprofiler)

(grøn), lik (gul) eller dårlegare (raud) enn landsgjennomsnittet i den perioden vi ser på. Kvite celler viser at vi ikkje har tal.

Alle desse faktorane kan vere med å påverke både aktivitetsnivå, aktivitetstype og aktivitetsbehov blant innbyggjarane i kommunen, og bør vere rettleiande i arbeidet med strategi- og anleggsutviklinga.

## Folkehelsebarometer Gulen kommune

### Folkehelsebarometer for kommunen

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal i kommunen og fylket samanlikna med landst. Forskjellen mellom kommunen og landsnivået er testa for statistisk signifikans. I figuren og talkolonane blir det teke omsyn til at kommunar og fylke kan ha ulik alders- og kjønnsamansetnad samanlikna med landet. Klikk på indikatornamna nedanfor for å sjå utvikling over tid i kommunen. I Kommunehelse statistikkbank, <http://khs.fhi.no> finst også statistikk utan alders- og kjønnsstandardisering samt utfyllande informasjon om indikatorane. For meir informasjon, sjå [www.fhi.no/folkehelseprofiler](http://www.fhi.no/folkehelseprofiler)

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- Verdien for landet
- ▬ Variasjonen mellom kommunane i fylket
- Dei ti beste kommunane i landet

Ein «grøn» verdi betyr at kommunen ligg betre an enn landsnivået. Ver merksam på at dette likevel kan innebære ei viktig helseutfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

Tema	Indikator	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Folkehelsebarometer for Gulen
Befolkning	1 Befolkningsvekst	0,042	0,07	0,85	prosent	
	2 Personar som bur aleine, 45 år +	24,9	23,5	25,3	prosent	
	3 Valdeitaking, 2017	81	79	78	prosent	
Levelkår	4 Vgs eller høgare utdanning, 30-39 år	84	82	82	prosent	
	5 Låginntekt (hushaldningar), 0-17 år	11	10	12	prosent	
	6 Ulliskap i inntekt, P90/P10	2,5	2,5	2,8	-	
Miljø	7 Bur trangt, 0-17 år	14	16	19	prosent	
	8 Barn av einselege forsørgjarar	8,9	12	15	prosent	
	9 God drikkevassforsyning	77	78	88	prosent	
	10 Forsyningsgrad, drikkevatn	59	74	88	prosent	
Skule	11 Skadar, behandla i sjukehus (ny def.)	16,2	15,7	13,7	per 1000 (a,k)	
	12 Nøgd med lokalmiljøet, Ungdata 2017	62	72	70	prosent (a,k)	
	13 Med i fritidsorganisasjon, Ungd. 2017	70	70	66	prosent (a,k)	
	14 Fortruleg venn, Ungdata 2017	88,4	90,5	90,1	prosent (a,k)	
Levevanar	15 Trivst på skulen, 10. klasse	81	88	86	prosent (k)	
	16 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. kl.	36	26	24	prosent (k)	
	17 Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. kl.	22	20	24	prosent (k)	
	18 Fråfall i vidaregåande skule	19	17	22	prosent (k)	
Helse og sjukdom	19 Lite fysisk aktiv, Ungdata 2017	5,3	7,6	14	prosent (a,k)	
	20 Overvekt inkl. fedme, 17 år	27	27	23	prosent (k)	
	21 Alkohol, har vore berusa, Ungd. 2017	18	9,2	12	prosent (a,k)	
	22 Alkoholomset., daglegv. og Vinmonopol	-	4,4	5	liter per person	
	23 Røyking, kvinner	10	5,9	7,8	prosent (a)	
	24 Har brukt cannabis, Ungdata 2017	-	1,5	2,6	prosent (a,k)	
	25 Forventa levealder, menn	79,9	79,4	78,8	år	
26 Forventa levealder, kvinner	83,8	84,3	83,1	år		
27 Utdanningsforskjell i forventa levealder	-	4	4,9	år		
Helse og sjukdom	28 Nøgd med helse, Ungdata 2017	69	73	71	prosent (a,k)	
	29 Psykiske sympt./lid., primærh.t., 15-29 år	113	116	152	per 1000 (a,k)	
	30 Muskel og skjelett, primærh.te. (ny def.)	296	318	319	per 1000 (a,k)	
	31 Hjarte- og karsjukdom (ny definisjon)	20,2	17,6	17,9	per 1000 (a,k)	
	32 Lungekreft, nye tilfelle	41	53	58	per 100 000 (a,k)	
	33 Antibiotikabruk, reseptar	455	323	360	per 1000 (a,k)	
	34 Vaksinasjonsdekning, meslinger, 9 år	93,2	95,4	95,1	prosent	

### 3. RESULTATVURDERING AV PLAN FOR 2014-2018

Oppfølging av den førre planen har i stor grad vore god. Den kommunale satsinga denne planperioden har vore anlegg knytt til barnhagar og skular. Fleire av anlegga i det prioriterte handlingsprogrammet har vorte realiserte og fått tildelt spelemidlar, andre er ferdige men har ikkje fått tildelt midlar endå og må fornye søknad. Ein del anlegg har vorte løfta inn frå den uprioriterte lista over langsiktige behov, og er no i ferd med å bli realiserte. Likevel ser ein at anlegg som vert bygt ut må vente lenge på tildelte spelemidlar, og dette fører til ei ekstra økonomisk belastning for idrettslag og kommune.

Den kommunale planen for idrett og fysisk aktivitet er med på å sikre struktur i søknadsprosessen for spelemidlar, og gir retningslinjer for anleggsutviklinga. Det er Gulen kommune sin hovudstrategi at sjølve utbygginga av anlegg (med unntak av leikeplassar knytt til skule og barnehage) skal skje i regi av frivillige lag og organisasjonar, med kommunen som støttespelar. Dette betyr at kommunen har avgrensa påverknadskraft i sjølve utføringa av anleggsutbygginga, og er avhengige av god kontakt og samarbeid med aktive lag og organisasjonar.

Som i mange andre kommunar, opplever Gulen at det er aktiviteten og engasjementet i dei frivillige organisasjonane som styrer anleggsutviklinga i større grad enn det sjølve planen gjer. Dersom til dømes eit idrettslag kjem med eit prosjekt som dei ynskjer å gjennomføre, så vert dette løfta inn i handlingsprogrammet og prioritert over andre «sovande» prosjekt. Så lenge det er laga som står for utbygginga, er ein avhengig av å ha denne typen fleksibilitet og kommunen ser ikkje noko problem i dette. Ein ser at planen er avhengig av enkeltindivid og engasjement.

Tatt i betraktning at kommunen er avhengig av samarbeid med lag og organisasjonar for å utføre dei målsettingane som går fram av planen, er det ynskjeleg frå administrasjonen si side at planen vert tatt meir aktivt i bruk av dei relevante laga. Kommunen opplever at det er stor interesse for handlingsprogrammet i planen blant organisasjonane, men at dei delane som omhandlar målsettingar og andre omsyn vert oversett. Til dømes er det ynskjeleg at planen og omsyna som vert løfta fram i denne skal fungere som utgangspunkt og inspirasjon for planlegging av laga sine aktivitetar og tilbod. På denne måten er det lettare for kommune og organisasjonar å samordne aktivitet og slik oppnå betre resultat på sikt. Slik er også laga sikra at deira prosjekt kjem inn under lokale, regionale og nasjonale satsingsområder. Dette gjer at ein lettare kan få tilskot, og det aukar sannsynet for at prosjektet vert realisert.

I denne planperioden har ein utarbeidd meir konkrete reglar for kva ein gjev støtte til. Ved dei to siste store anleggsutbyggingane (kunstgrasbane på Dalsøyra og skytehus på Ortneset) har kommunen gitt tilskot på rundt 10 % av godkjente kostnader i spelemiddelsøknadane<sup>6</sup>. Det er eit ynskje at tilsvarande kommunale tilskot skal kunne verte gitt også til framtidige anleggsprosjekt. I dei tilfella der det er etterslep på utbetalingar av spelemidlar, eller av andre årsaker er nødvendig å frigje midlar til anleggsbygging, bør kommunen også vurdere moglegheitene for forskotering av spelemidlar og kompensasjon for meirverdiavgifta. Retningslinjene for kommunale tilskot bør også gjelde for kulturbygg.

#### 3.1 STATUSOVERSYN FOR UTBYGGING AV ORDINÆRE ANLEGG 2014-2018

År	Stad	Anlegg	Merknad	Spelemidlar
	Dalsøyra	Symjehall 25 x 10 m.	Ikkje realisert	Nei
	Dalsøyra	Idrettshall 1000 m <sup>2</sup>	Ikkje realisert	Nei
	Eivindvik	Symjehall, rehabilitering	Ikkje realisert	Nei
2017	Eivindvik	Prestegardstien del 1	Ferdig	Tildelt 1 000 000, 2017
2018	Halsvik-Steine	Den Trondhjemske Postvei	Påbegynt	Tildelt 416 000, 2018
2018	Oppedal	Restaurering skytebane 200 m	Planlagt	Søknad godkj, fornyast

<sup>6</sup> K-saker nummer 99/11, 26/12, 65/12 og 07/12 (Dalsøyra) og 035/13 (Ortneset).



2018	Oppedal	Restaurering skytebane 100 m	Planlagt	Søknad godkj, fornyast
2018	Eivindvik	Dagsturhytte	Ferdig	Tildelt 364 000, 2018

### 3.2 STATUSOVERSYN FOR UTBYGGING AV NÆRMILJØANLEGG 2014-2018

#### Nærmiljøanlegg som har fått tildeling av spelemidler

År	Stad	Anlegg	Merknad	Spelemidler
2014/15	Dalsøyra	Kunstgrasbane	Ferdig	2 318 000
2014	Eivindvik bhg/skule	Leikeområde yngre born	Ferdig	300 000
2015	Eivindvik bhg/skule	Uteområde større born	Ferdig	300 000
2018	Ortneset leikeplass	Ballbinge, rehabilitering	Ferdig	135 000
2016	Nyborg	Pistol- og miniatyrskyttebane	Ferdig	197 000
2018	Brekke bhg/skule	Klatrepark	Ferdig	600 000
2015	Eivindvik bhg/skule	Uteområde skule/barnehage	Ferdig	300 000

#### Nærmiljøanlegg som er påbegynt men som ikkje har fått tildeling av spelemidler enno

År	Stad	Anlegg	Merknad	Spelemidler
2013	Brekke bhg/skule	Hinderløype	Ferdig	Søknad godkj, fornyast
2013	Brekke bhg/skule	Sykkelløype	Ferdig	Søknad godkj, fornyast

#### Nærmiljøanlegg som ikkje er realisert

	Eivindvik	Ballbinge	Ikkje realisert	
	Eivindvik bhg/skule	Kunstgrasbane	Under planlegging	

### 3.3 IKKJE REALISERTE ANLEGG

Av ordinære anlegg er det idretts- og symjeanlegget i Sløvåg og opprusting av bassenget i Eivindvik som ikkje er realiserte. Kommunestyret i Gulen kommune sa i 2009 ja til å jobbe vidare med dette prosjektet under føresetnad av at Masfjorden kommune vart med som samarbeidspartnar. Det sa kommunestyret i Masfjorden nei til. Kommunestyret i Gulen samla seg då om eit treningsanlegg på Dalsøyra, i tilknytning til skulen. Det er gjennomført eit mogelegheitsstudie av symjeanlegg på Dalsøyra, der ein fokuserer på eit treningsanlegg på 25 meter. Kommunen er i dialog med næringslivet angående finansiering, då ein er avhengig av sterk støtte for å kunne realisere dette. Når Gulen og Masfjorden Næringsråd konkluderer i saka veit ein om dette er mogeleg å gå vidare med eller om vi må gå på neste alternativ som er opprusting av bassenget i Eivindvik, jfr. K-sak 071/13 og HPUsak 056/13.

Nærmiljøanlegg som ikkje er realiserte er ballbingane ved Hovden bustadfelt og i Eivindvik. Nærmiljøanlegget som var planlagt i Hovden ligg i tilknytning til Hovden barnehage. Måten den er lagt i tilknytning til barnehagen på gjer at den ikkje er spelemiddelberettiga, så den er tatt ut av planen. Den er sletta frå anleggsregister.no og vil ikkje bli forsøkt fornya med tilsvarande plassering.

Manglande oppføring av ballbinge i Eivindvik er også knytt til utfordringar med plassering. Med nytt byggefelt under opparbeiding og ivrige eldsjeler er det ny giv for prosjektet så den kan framleis stå i planen, med ei oppfordring om å realisere innan kort tid.

## 4. AKTIVITET I GULEN KOMMUNE

Gulen er ein kommune med stort areal og låg folketettleik. Dei fire skulekrinsane er omtrent like store i folketal.

Skulekrins	Folketal 2018 (SSB)
Brekke	567
Byrknes	488
Dalsøyra	635
Eivindvik	675

Store avstandar og mangelfullt transporttilbod gjer at det er vanskeleg å samle fritidstilbod og aktivitetar på ein stad. Samarbeid mellom organisasjonane i skulekrinsane skjer stort sett ved større arrangement, sjølv om fotballen samlar ein del av dei eldre på tvers av krinsane.

Gulen Idrettsråd vart etablert i mai 2009 og skal fungere som eit samordningsorgan for alle idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet har vore lite aktive denne perioden, målet er å få eit meir aktivt Idrettsråd på plass.

### 4.1 ORGANISERT IDRETT OG FRILUFTSLIV I GULEN

Skulekrins	Namn	Medlemmar	Type aktivitet
Brekke	Brekke Idrettslag	248	Allsidig idrettsaktivitet
	Brekke Helselag	87	Trening, mosjon
	Oppedal/Brekke skytterlag	276	Skyting
	Havgula 4H (Bålen)	17	Friluftaktivitetar
	Kvitveisen 4H (Brekke)	46	Friluftaktivitetar
	Firkløveren 4H (Oppedal)	36	Friluftaktivitetar
	Asheim Dartklubb		Dart
	Brekke Sportskyttarklubb		Skyting
Dalsøyra	Dalsøyra Idrettslag	173	Allsidig idrettsaktivitet
	Nyborg Skyttarlag	204	Skyting
Eivindvik	Eivindvik Idrettslag	324	Allsidig idrettsaktivitet
	Gula Skyttarlag	90	Skyting
	Vårvon 4H (Eivindvik, Dalsøyra, Byrknes)	38	Friluftaktivitetar
Byrknes	Ytre Gulen Idrettslag	151	Allsidig idrettsaktivitet
	Sandøy pistolklubb	10	Skyting
Heile Gulen	Bornas Turlag	110	Friluftaktivitetar
	Ytre Sogn Turlag	314	Friluftaktivitetar
	Gulen Fotballklubb	218	Fotball
	Gulen Dykkesenter		Dykking
	Gulen Kajakklubb		Kajakk

	Gulen Luftsportsklubb	56	Hanggliding
	Gulen Seniordans		Dans
	Gulen Jakt og sportsfiskarlag		Jakt og fiske
	Gulen Bogeskyttarklubb		Bogeskyting

#### 4.2 ANLEGG OG TILRETTELAGDE OMRÅDER FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV

<i>Namn</i>	<i>Eigar</i>	<i>Anleggstype</i>	<i>Storleik</i>	<i>Merknader</i>
<b>Brekke skulekrins:</b>				
Brekke idrettsplass	Brekke IL	Fotballbane, gras Fotballbane, kunstgras Strandvolleyballbane Klubbhus	100 x 50 m 5'er bane 16 x 8 m 61 m <sup>2</sup>	Grunneigar: Gulen kommune
Brekke skule/Risnehall	Gulen kommune	Gymnastikksal Klatrepark Hinderløype Sykkelsti	20 x 10 m 30 x 15 m	Disp. av Risnehall A/L, Brekke Idrettslag og andre organisasjonar på kveldstid  Grusbane, uteområde for skule/barnehage)
Oppedal/Brekke skytebane	Oppedal/Brekke skyttarlag	Skytebane Skyttarhus  Klubbhus	200 m, 10 skiver 100 m, 7 skiver 14 godk felthold leirduebane  6 el. skiver	Overbygde standplassar Under bygging 2013
Oppedal grendehus	Oppedal grendelag	Gymnastikksal Aktivitetsanlegg*	9,5 x 8 m 40 x 30 m	Drivast i nedlagt skule
Breidvik/Bålen grendehus	Breidvik/Bålen grendelag	Gymnastikksal Aktivitetsanlegg*	9,5 x 8 m 40 x 30 m	Drivast i nedlagt skule utbygd av grendelaget
Ortneset leikeplass	Ortneset vel	Aktivitetsanlegg*	21 x 13 m	Sandfylt kunstgrasdekke
Fjellstiar	Brekke Idrettslag	Skog- og fjellstiar		Inkl Kystarvstiar
<b>Eivindvik skulekrins:</b>				
Eivindvik stadion	Eivindvik IL	Fotballbane Friidrettsanlegg Tennisbane Klubbhus Utstyrshus/garasje	100 x 64 m 400m, 4 baner 40 x 20 m 135 m <sup>2</sup> 66 m <sup>2</sup>	Sektorar for sprint, hopp og kast  3 garderobar, 10 dusjar, 2 toalett, fellesrom og kiosk
Eivindvik skule og barnehage	Gulen kommune	Symjehall Gymnastikksal Klatrevegg Aktivitetsområde små born	12,5 x 10 m 20 x 10 m 80 x 40 m	Stengd 2002 Restaurert 2004  Disser, sklie, sykkelsti, klatrestativ

		Aktivitetsområde middels born  Aktivitetsområde store born		Disse, gapahuk, sklie, båt, klatrestativ, trampoline, sykklesti  Zipline, omr for ballspel, sand- og vassbane
Ungdomshuset "Vårtun"	Gula skyttarlag  Eivindvik Ungdomslag	Miniatyrskyttebane  Aktivitetssal	15 m, 4 skiver	Standplass for 4 skyttarar  Gymnastikksal
Eivindvik skytebane	Gula skyttarlag	Skyttarhus  Skytebane  Skytebane  Miniatyrbane	100 m2  300 m, 13 skiver  100 m, 4 el skiver  4 el skiver	Overbygde og isolerte standplassar
Tveita	Nordgulfjorden Vel	Aktivitetsanlegg	23 x 16 m	Ballbinge  Trampoline
Tusenårsstaden Gulatinget	Gulen kommune	Sandvolleyballbane  Bocciabane  Turstiar	16 x 8 m	
Fjellstiar	Eivindvik Idrettslag	Skog- og fjellstiar		Inkl. Kystarvstiar
<b>Dalsøyra skulekrins:</b>				
Dalsøyra skule/samfunnshus	Gulen kommune	Gymnastikksal   Miniatyrskyttebane	21 x 10 m   18 m, 6 skiver	Disponert av A/L Dalsøyra Samfunnshus på kveldstid  Utbygd av Nyborg sportskyttarlag. Elektronisk vising.
Dalsøyra skule, leike- og idrettsplass	Gulen kommune	Fotballbane, kunstgras  Tennisbane  Ballbinge	100 x 60 m  34 x 18 m	Ligg i tilknytning til Dalsøyra skule  Uteanlegg
Nyborg skytebane	Nyborg skyttarlag	Skyttarhus  Skytebane  Skytebane  Leirduebane  Storviltbane  Pistol- og miniatyrbane	194 m2  200 m, 20 skiver  100 m, 8 skiver    25 m, 5 skiver	Overbygde og isolerte standplassar, Elektronisk vising på alle baner, automatisk trap
Brandangersund samfunnshus	Brandangersund samfunnshus A/L	Gymnastikksal  Aktivitetsanlegg*	13,5 x 7 m  60 x 30 m	Ombygd fotballbane 2003
Gulaton grendehus	A/L Grendehuset Gulaton	Gymnastikksal	11,5 x 7,5 m	
Eidsbotn grendehus	Gulen kommune	Gymnastikksal  Balløkke	12 x 7 m	Disponert av Eidsbotn Vel.
Fjellstiar	Dalsøyra Idrettslag	Skog- og fjellstiar		Inkl. Kystarvstiar
<b>Byrknes skulekrins:</b>				
Byrknes skule	Gulen kommune	Gymnastikksal	20 x 10 m	
Byrknes skule	Ytre Gulen Idrettslag	Ballbinge	21 x 13 m	
Byrknes leike- og idrettsplass	Gulen kommune	Fotballbane, grus	98 x 50 m	Ligg i tilknytning til Byrknes skule

		Aktivitetsanlegg*		
Mjømna bygdehus	Mjømna bygdelag	Gymnastikksal Aktivitetsanlegg*	11,5 x 5,5 m 50 x 30 m	
Sande grendahus	Sandøy grendalag	Aktivitetsanlegg*		Gymnastikksal Balløkke
Ånneland	Sandøy grendalag	Aktivitetsanlegg*	12,5 x 22 m	Ballbinge, grillområde, disser
Sandøy pistolbane	Sandøy pistolklubb	Pistolbane	25 m, 8 plassar	Utandørs
Tausevika	Tausevika Vel	Omkledningsbu	2 x 2 m	
Tausevika	Tausevika Vel	Utandørs treningspark	Hinder/parkour apparat	Fleiraktivitetsområde Eigentrening
Tausevika	Tausevika Vel	Gapahuk	Grillplass Tilgang på bøker	Sosialt møterom
Tausevika	Tausevika Vel	Badevik	25 m lang sandstrand	Badestrand med badeplattform
Fjellstiar	Ytre Gulen Idrettslag	Skog- og fjellstiar		Inkl Kystarvstiar

## 5. FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV – ANALYSE AV BEHOV OG UTFORDRINGAR I GULEN

Gjennom statistikk ser vi at kommunen nyttar lite midlar til både tiltak retta mot aktivitet for born og unge, og tiltak retta mot idrett, idrettsbygg og kulturbygg. Dette er ikkje i tråd med samfunnsdelen i kommuneplanen. Målet denne planperioden må vere at Gulen kommune prioriterar meir midlar til slike tiltak.

Vi jobbar etter visjonen

Fysisk aktivitet for alle

Målsettinga om at alle skal være fysisk aktive er viktig, men er berre ein del av eit heilskapleg folkehelsearbeid som også rettar seg mot «trekk som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem eller sosiale helseforskjellar» (§ 5.Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer i kommunen, Lov om folkehelsearbeid). Eit godt folkehelsearbeid bør balansere tiltak for å betre levemåtar og tiltak som går på betring av helsevaner.


Delmålet om høg deltaking i organisert fysisk aktivitet er viktig både for å nå kommunen sitt mål om auka fysisk aktivitet og for å følgje § 1 i Folkehelselova om utjamning av sosiale helseforskjellar. Lag og organisasjonar i Gulen kommune oppfordrast til å jobbe med konkrete tiltak for å gjere terskelen for å deltaking i organiserte aktivitetar lågare. Tilgjengeleg kan vere avhengig av type aktivitet, pris, ferdigheitsnivå, krav om utstyr eller korleis organisasjonane arbeider med rekruttering. Me ynskjer at lag kan tilby redusert medlemsavgift eller gratis medlemskap til personar/familiar som lever under dårlege sosiale kår. At lag har tilgjengeleg utstyr som medlemmer kan låne til å utføre aktivitet utan å måtte investere i dyrt utstyr vil vere eit godt verkemiddel for å inkludere. Me legg opp til eit breiare fokus på inkludering og på lågterskeltilbod, slik at alle som ynskjer delta skal kunne gjere det. Lag og organisasjonar må vere bevisst slike utfordringar. Ved å leggje til rette for alle grupper kan ein bidra til å redusere sosiale eller helsemessige problem for dei gruppene som kan ha veldig godt utbytte av å få vere sosiale og i aktivitet.

Gjennom prosjektet «Teikn ditt skuleområde» vel kommunen å fokusere på uteområda tilknytt skulane. Ved tilrettelegging av desse områda får ein gode tilhøve som er tilgjengeleg for skule og barnehage i opningstida. Gode anlegg kan nyttast i friminutt og i timar som fysisk aktivitet og

gymnastikk, i tillegg til anna undervisning som ein ser kan vere nyttig å flytte ut. Anlegga kan nyttast heile døgnet av alle som ynskjer vere i aktivitet, og ordinære anlegg vil i tillegg gje gode lokale treningstilbod innan organisert idrett. Kap. 8, Vedlegg 1, oversikt over strategiar og satsingsområder i Regional plan, trekkjer fram mange viktige satsingsområder for planen vår. Vi ynskjer jobbe for alt dette, men samstundes prioriterer vi skuleområda. Der er born dagleg i vekene. Skulen er ein stad borna ikkje kan velje vekk. Ved å ha gode tilhøve og anlegg på skulane kan vi motivere og leggje til rette for aktivitet for den gruppa som elles ikkje deltek i fysisk aktivitet på fritida. Vi ser ein stor gevinst i å få denne gruppa i meir aktivitet.

#### Hva bruker kommunen kulturbudsjettet på? Utvalg.

Netto driftsutgifter for hvert område  
Kroner per innbygger



Kilde: Kulturtilbod, Statistisk sentralbyrå

## 5.1 ORDINÆRE ANLEGG

Det har i fleire år vore diskutert ulike løysingar og alternativ for bygging av symjeanlegg og fleirbrukshall i Gulen. Det politiske vedtaket kommunen jobbar etter no er å utrede moglegheiter og og kostnader ved å byggje eit 25 meters treningsbasseng på Dalsøyra. Om dette ikkje er realiserbart er alternativ to å rehabiliterare det eksisterande symjebassenget i Eivindvik. Gjennom innspela som har kome inn til kommunen under planprosessen, viser det seg at behovet for, og ynskje om, symjetilbod og fleirbrukshall framleis er sterkt til stades blant innbyggjarane i kommunen.

Ei meir inngåande analyse av dei ulike anleggstypane er tilgjengeleg i saksframlegget til HPU-sak 056/13.

### 5.1.1 FLEIRBRUKSHALL

Gulen kommune har ikkje idrettshall og all idrettsaktivitet innandørs går difor føre seg i gymnastikksalane på skulane. Fleire av idrettslaga melder om sprengd kapasitet i desse salane, spesielt på vinterhalvåret. I tillegg er fleire av gymnastikksalane små og upraktisk innretta til ein del lagidrettar som handball, volleyball og innandørs fotball. Felles fleirbrukshallar vil kunne løyse ein del av kapasitetsutfordringane i gymnastikksalane, opne opp for idrettar som ein til no ikkje har hatt skikkeleg hall til å kunne satse på, og i større grad vere med på å samle og utvikle idrettsmiljøet i kommunen. Ein må rekne med at ein del av kvardagsaktiviteten vil halde fram i gymnastikksalane på skulane, men ved å samle bestemte idrettar og aldersgrupper i ein felles fleirbrukshall vil ein få høve til å leggje betre til rette for alle typar aktivitet. I følgje regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-19 bør ein slik hall leggjast i tilknytning til skulebygg.

### 5.1.2 SYMJEBASSENG

Gulen kommune har eit 12,5 m symjebasseng ved Eivindvik skule, men dette har ikkje vore i bruk sidan 1999. Det er difor eit stort behov for, og ynskje om, tilgang til basseng for symjeopplæring i skulen, terapi- og rehabiliteringstilbod i helsesektoren og fritidsaktivitet for innbyggjarar og tilreisande. I dag vert

skuleelevane sendt til Solund, Masfjorden og Austrheim kommunar for å tilfredsstille krava for symjeopplæring. Noko rehabilitering i helsesektoren føregår i bassenget i Lavik og Austrheim. Tatt i betraktning at Gulen er ein kystkommune der innbyggjarane oppheld seg mykje på og rundt vatn, er det viktig at alle kan symje. Eit symjebasseng vil også vere eit nytt tilskot til aktivitetstilbodet i kommunen og kunne fungere som eit samlande møtepunkt for innbyggjarane.

Det er mange bruksområder for eit symjeanlegg. Faktorar som styrking av relasjon mellom (små) born og føresette, aktivitetstilbod til menneske med psykiske helseutfordringar, reumatiske lidningar, livsstilsjukdommar, nedsett funksjonevne, eldre osb. er viktige å ta med i ei slik vurdering. God bruk og nytting av kapasitet vil vise korleis heile befolkninga i Gulen kan nyte godt av eit lokalt basseng.

Det er gjennomført eit mogelegheitsstudie for bygging av eit 25 meters treningsbasseng tilknytt Dalsøyra oppvekstsenter. I dialog med GMU vil ein få avklaring på om næringslivet ynskjer støtte prosjektet, noko ein er avhengig av for å realisere dette. Om det syner seg å ikkje vere eit alternativ er neste alternativ rehabilitering av bassenget i Eivindvik etter gjeldande vedtak.

I Regional plan vert det lagt tydeleg vekt på at ein prioriterer rehabilitering av symjeanlegg ved utdeling av spelemidlar, og den presiserer at kommunane må prioritere å rehabiliterer anlegga sine då det er mykje som er gammalt. Eit symjeanlegg skal vere i god stand, vere ope for idrettstilbod og folk elles. Symjeanlegg er eit av dei beste lågterskeltiboda ein har, og symjing har stor grad av helseeffekt og liten skaderisiko. Av tryggleikgsgrunnar er det viktig at symjedugleiken er god, spesielt for Gulen som er ein kystkommune. Lova krev symjeopplæring. Det er ikkje rom for å nytte spelemidlar til fleire store badeanlegg i fylket, så fokuset må ligge på opplæring og trening i Gulen. Gulen er ein av tre kommunar i fylket som ikkje har symjebasseng.

Målet for denne planperioden er å få ei avklaring på kva løysing vi skal ha, og starte arbeidet.

### 5.1.3 STADIONANLEGG

Det er ein del aktivitet rundt stadionanlegga i Eivindvik, Dalsøyra og Brekke. Deler av anlegga begynner å bli gamle, og det vil truleg verte behov for rehabilitering i løpet av komande planperiode.

Vi ynskjer å legge opp til ein felles politikk for vedlikehald av anlegga. Ved tildeling av spelemidlar pådreg ein seg ei drifts- og vedlikehaldsplikt på 30 år for ordinære anlegg. Vedlikehald er viktig for å behalde struktur og levetid på anlegga. Med dårleg vedlikehald må ein rehabiliterer anlegget på eit tidlegare tidspunkt, noko som er kostnadskrevjande. Ein må ha tilgang på nødvendig og riktig utstyr for å gjere tilstrekkelig vedlikehald.

Det er spelt inn langsiktige behov for utbygging til friidrettsaktivitetar på fleire av anlegga.

### 5.1.4 SKYTEANLEGG

Gulen kommune har eit godt miljø for skyting med over 600 medlemmar i skyttaraga i kommunen.

Det er Nyborg skyttarlag sitt anlegg som er peika ut som hovudanlegget for skyting i Gulen kommune. Oppedal/Brekke blir definert som eit treningsanlegg fordi avstanden til Nyborg er meir enn 45 minutt i reisetid.

## 5.2 NÆRMILJØANLEGG

Nærmiljøanlegg femnar spesielt om ei viktig målgruppe; nemleg born og unge. I Gulen kommune er nærmiljøanlegg, som til dømes ballbingar og aktivitetsanlegg bygd i tilknytning til skular, barnehagar og bustadfelt. Målet med nærmiljøanlegg er å auke fysisk aktivitet, leik og sosialt samvær, og det er fokus på fleirbruk. Gulen kommune bør sikre at det blir satt av område til nærmiljøanlegg ved utbygging av større bustadfelt, og støtte opp om dei nærmiljøanlegga som blir initiert og drifta av lag og organisasjonar. I tillegg har kommunen ansvar for at nærmiljøanlegga knytt til skular og barnehagar er av ein slik kvalitet og utforming at dei oppmuntrar til auke fysisk aktivitet både under og etter skuletid.

Under planprosessen har det kome fleire innspel om viktigheita av å kunne tilby aktivitetsanlegg i nærmiljøet. Dette er spesielt viktig å ta omsyn til i ein vidstrakt kommune som Gulen der avstandane er store og det offentlege transporttilbodet er mangelfult.



### 5.3 ANLEGG I FRILUFTSLIV

Gulen er eit ideelt område for aktivitet i naturen, både til sjøs og på land. Dei siste åra har det vakse fram ei auka interesse for aktivitetar som dykking og padling, og det er lagt ut kanoar til fri bruk ved fleire av fjellvatna i kommunen. Det bør kjøpast inn fleire kanoar/kajakkar til utlån og utleige både til lokale og tilreisande, og lagast til kart med anbefalte turar for dei som ikkje er kjente i området.

I tillegg har me tilbod innan frivannsdykking og ein verdskjent dykkeklubb, Gulen dykkesenter, som har eit stort potensiale i å bli meir brukt blant fastbuande gulingar.

Når det gjeld aktivitetar i friluftsliv, har turlag og idrettslag gjennom ei årrekkje arbeida med å rydde og merke turstiar på fjellet. Gjennom prosjektet «Kystarven» er dette arbeidet vidareført i samarbeid med dei andre HAFS-kommunane, og til saman er 100 turstiar i regionen no merka. I Gulen er 20 stiar rydda og merka med skilt av høg standard, samt at det er utgitt eit kart som viser desse stiane. Spelemiddelordninga gjer at ein kan søkje midlar på opprusting av eksisterande fjellstiar. Alle idrettslaga har fått inn fjellstiar som ein aktivitetsarena i oversikta over anlegg tilrettelagt for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, og alle laga vert sett inn i det langsiktige handlingsprogrammet med eksisterande fjellstiar (inkludert Kystarvstiane). Ved å stå i det langsiktige handlingsprogrammet kan desse løftast inn i det prioriterte handlingsprogrammet dersom eit lag ynskjer satse på dette og søkje spelemidlar.

I og med at Gulen er ein kommune med bratt og ulendt utmarksområde, bør ein syte for at nokre friluftslivsområder i kvar krins vert tilpassa rørslehemma, eldre og små born. Desse områda bør liggje i nær tilknytning til eldrebustader, sjuke- og aldersheim, skular, barnehagar og bustadområder.

I 2017 fekk «Prestegardstien» i Eivindvik tildelt spelemidlar og har ferdigstilt del 1 av prosjektet. Ved å få på plass denne stien har kommunen ein universelt utforma tursti som er tilrettelagt for rullestolar, barnevogner, ol. Den går frå Sollibotn til Eivindvik sentrum, og er eit flott tiltak. Det er mykje aktivitet på denne stien som genererer idear om endå nye tiltak. Del 2 må søkjast om på nytt, og om ein får realisert denne delen så blir den spesielt positiv for bebuarar ved Gulen Sjukeheim som kan komme ut i naturen.

Nye turløyper bør ligge i tilknytning til områder der folk oppheld seg. Den Norske Turistforening vedtok ein resolusjon frå landsmøtet sitt i 2013 som seier at alle skal ha tilgang til ein tursti innan 500 meters avstand frå bustaden sin. I ein friluftskommune som Gulen bør dette vere mogleg å oppnå. For å få eldre og rørslehemma ut i aktivitet, bør det setjast opp kvilebenkar langs ruter som allereie er tilgjengelege i bustadområder for eldre. Kommunen bør også jobbe for få til fleire og betre gang- og sykkelstiar, helst med lys.

Gulen kommune har eit variert tilbod av badeplassar og gode fiskeplassar. Det bør satsast på å etablere parkeringsplassar, sette opp livbøyer/redningsutstyr og eventuelt toalett ved dei mest nytta områda som ikkje har dette frå før.

Tausevika Vel har uforma ei flott badevik på Byrknesøy. Her kan ein på sikt samarbeide med idrettslag eller kommune og verte i posisjon til å søkje spelemidlar for å gjere badevika universelt utforma. Ei velforeining er ikkje i posisjon til å søkje om midlar til eit ordinært anlegg, dermed er eit samarbeid nødvendig. I forhold til kommunen sin politikk ynskjer ein at slike tiltak driftast gjennom lag og organisasjonar. Så lenge det ikkje er lagt konkret plan for om ein skal vidareutvikle vika meir eller la den vere slik den er plasserer vi den i det langsiktige handlingsprogrammet, og tiltaket kan dermed løftast opp i det prioriterte programmet dersom ein finn ut ein vil søkje midlar i samarbeid med idrettslaget.

For å få mest mogleg ut av anleggsutbygging i friluftsliv, er det viktig å sjå aktivitetar, tilbod og brukargrupper i samanheng. Tusenårsstaden Gulatinget er eit eksempel på korleis kommunen har klart å samle anlegg for ulike typar aktivitetar og samtidig tilby område tilrettelagt for sosialt samvær på tvers av alder og funksjonsgrad. Liknande tilbod kan opprettast på andre stader i mindre skala ved å lage til naturleikeplassar med til dømes klatrestein, slengdisser og moglegheit for bading og padling, gjerne i tilknytning til nærstiar der folk bur. Tilrettelegging av områder der heile familien kan kome og vere både fysisk aktive og sosiale saman bør prioriterast.

Vinteren i Gulen er prega av ustabile vêrtilhøve. Nokre av dei islagde vatna vert nytta som skeisebane og tilgjengelege områder i høgareliggjande strok vert nytta til skigåing. Vi ynskjer det skal leggst til rette for preparering av løyper på Verklandshøgda, og her er det behov for utbetring av fasilitetar og parkeringsplass. Det er også spelt inn utbygging av lysløype.

Vi ynskjer oss «Aktive skulevegar». Utbetringar av vegstandard som gjer skulevegen tryggare for born som går og sykklar er eit viktig satsingsområde. Ved å få borna til å nytte skuleveg til aktivisering tek vi eit stort steg for folkehelsa.

I 2018 kjem Dagsturhytta på plass i Eivindvik. «Gulakvila» skal liggje på Løypingåsen og vil vere eit tilgjengeleg turmål for både born og eldre. Med ei viss grad av nedsett funksjonsevne kan ein også nå målet. Ein kan besøkje hytta ved å parkere ved Prestekaia og følgje turstiane mot Vassverket og Løypingåsen. Der finn ein ro, utsikt og eit lite barnebibliotek. Me ynskjer at hytta nyttast til aktivitet av ulike slag. Skule/barnehage/frivillige kan fritt nytte denne, og ein kan tenkje kultur og fysisk aktivitet i tett samanheng.

#### **5.4 KOMPETANSEHEVING OG INFORMASJON**

Ei av utfordringane til Gulen kommune når det kjem til aktivitetstilbod, er manglande kompetanse til å instruere og trene andre. I ein vidstrakt kommune med sprett befolkning, vil ein periodevis vere i den situasjonen at ein manglar personar som har kunnskap og ynskjer å trene og lære opp andre. Idrettslaga, med støtte av kommunen, bør difor vere flinke til å støtte opp om dei som ynskjer å ta kurs for å kunne leie andre innanfor ulike typar fysisk aktivitet.

Både kommune, lag og organisasjonar bør også vere observante når det gjeld å kartlegge den kompetansen som faktisk er her. Tilflyttarar kan gjerne ha kompetanse på aktivitetar som me ynskjer, men ikkje har frå før. Blir desse personane spurt om å trene/instruere i denne aktiviteten vil dette vere veldig positivt for alle partar, og samtidig ein viktig integreringsfaktor.

Eit av områda med manglande kompetanse, og som er mest etterspurt, er innanfor ulike typar dans. Kommunen bør halde fram med å gje tilskot til helgekurs, og samtidig undersøke moglegheitene for å få til noko meir permanent, gjerne i samband med kulturskulen. Målet er å få ei breiare tilbod i kulturskulen vår.

Alle lag og organisasjonar bør verte flinkare til å nytte seg av kommunen sin aktivitetskalender og gjere faste treningstider tilgjengelege for andre. Sosiale media er ei viktig kjelde for spreiding av informasjon og bør i større grad nyttast.

#### **5.5 INTRAKOMMUNALT SAMARBEID**

Noko av det mest spesielle med Gulen som kommune, er den store variasjonen i natur og landskap. Her finn ein alt frå små øyar og holmar i vest, til høge fjellandskap i aust. Potensialet for samarbeid mellom idrettslag og andre organisasjonar er stort. Dette kan føre til at innbyggjarane får betre kjennskap til nye områder i kommunen, og til dei som bur der. Dette kan igjen vere med på å auke både trivselen og identitetskjensla til oss som gulingar, og føre til positive ringverknader på fleire områder. Samarbeidet kan mellom anna gå ut på å arrangere fellesaktivitetar, samordne poengsystemet for fjellpostane, og sjå på moglegheitene for nye lagaktivitetar ved eit eventuelt nytt halltilbod. Turlaga sine fellesturar og «Øyane over» er gode eksempel på aktivitet som famnar om heile kommunen.

Med både folkehelse og samhandlingsreforma som viktige kommunale fokusområder, er det nødvendig å finne nye metodar og områder for samarbeid mellom kommune, frivillige og private aktørar. Det er også viktig å få fram at kommunen ynskjer å vere ein aktiv støttespelar til det viktige arbeidet som lag og organisasjonar gjer, bevisst eller ubevisst, innanfor folkehelsearbeidet. Kvar enkelt innbyggjar har ansvar for å ta vare på si eiga helse. I samarbeid kan kommunen, frivillige og private aktørar gjere mykje for å leggje til rette for at moglegheitene for fysisk aktivitet er lett tilgjengelege.

#### **5.6 INTERKOMMUNALT SAMARBEID**

Gulen kommune har eit bra utvikla samarbeid med Masfjorden kommune. Gulen fotballklubb og Masfjord fotballklubb har i fleire år samarbeida om å danne felles fotballag i ulike aldersgrupper.

Brekke IL har samarbeid med Bjørn West IL og Risnes IL om symjebassenget på Matre.

I K-sak 08/12 vart det vedteke at Gulen og Masfjorden skulle sette ned ei interkommunal politisk nemnd for å kartlegge trongen for idrettsanlegg i dei to kommunane og sjå på moglegheitene for samarbeid.

Større interkommunale idrettsanlegg som fleirbrukshallar og symjehallar kan utløyse ei tilleggsløyving på 30 %.

Nemnda konkluderte med at det er interesse for samarbeid, og at begge kommunane har stort press på eksisterande anlegg. Med utgangspunkt i geografi og allereie etablert samarbeid mellom idrettslag på tvers av kommunegrensene, vart det anbefalt å fokusere på ein indre og ein ytre akse i kommunane. Den tenkte indre aksen består då av Brekke og Matre medan den ytre aksen består av Eivindvik, Byrknes, Dalsøyra, Hosteland og Sandnes. I og med at Masfjorden allereie har symjebasseng på Matre, konkluderte nemnda med at det vil vere mest naturleg å leggje ein hall på indre akse til Brekke og basseng på ytre akse til sørlege deler av Gulen.

Denne konklusjonen vil vere viktig å ta med seg i vidare arbeid når ein skal ta stilling til sak om symjeanlegg og fleirbrukshall.

## 6. HANDLINGSPROGRAM 2019-2022

Handlingsprogrammet prioriterer søknader om spelemidlar og skal byggje på dei målsettingane, behovsvurderingane og konklusjonane som er gjort i kommunedelplanen sin beskrivande del. Handlingsprogrammet er delt i ein kortsiktig, prioritert del og ein langsiktig uprioritert del. Det kortsiktige handlingsprogrammet har eit tidsperspektiv på 4 år og tiltak som er prioritert her skal ha ein prosjektplan som viser at gjennomføring av handlingsplanen er realistisk. Handlingsprogrammet skal kvart år vurderast rullert etter ei samla vurdering av framdrifta i dei ulike tiltaka og eventuelle nye føresetnader og behov. Rulleringsprosessen bør gjennomførast i vårsemesteret og tiltak der kommunen bidreg økonomisk skal vere tema i kommunen sin økonomiplan og budsjetthandsaming.

Den langsiktige delen av handlingsprogrammet har eit tidsperspektiv på 12-15 år og er ei uprioritert oppstilling av prosjekt som er tufta på kjent informasjon om behovsutviklinga i kommunen og innspel frå lag og organisasjonar.

### 6.1 HANDLINGSPROGRAMMET SITT INNHOLD OG KRITERIER FOR OPPTAKING

Det prioriterte handlingsprogrammet er ei skjematisk oppstilling av prioriterte tiltak i næraste 4-årsperiode. Prioriteringane er basert på lokale behov, innspel frå lag og organisasjonar, overordna kommunale planar og regionale og nasjonale føreskrifter og føringar. Handlingsprogrammet skal innehalde opplysningar om tiltakshavar (ansvarleg utbygger), investeringsbehov, forventa driftskostnader, finansiering og utbyggingsår. Vidare gir handlingsprogrammet ein status for prosjekt i høve til søknad om spelemidlar.

Handlingsprogramma i denne planen legg vekt på å vere realistiske, både når det gjeld økonomi og reelle behov. Fleire av anlegga som ikkje vart realiserte i førre planperiode er tatt med i denne planen.

Opptak i det kortsiktige og prioriterte handlingsprogrammet kan berre skje gjennom den ordinære rulleringsprosessen, og skal frå før vere oppført i den langsiktige, uprioriterte lista. Når prosjekt søker om å bli henta inn frå den langsiktige til den kortsiktige planen, skal følgjande omsyn vere vurderte:

- ✓ Ansvarleg tiltakshavar og eventuelle samarbeidspartnarar
- ✓ Behovsanalyse
- ✓ Omtale av prosjektet
- ✓ Finansieringsoversikt
- ✓ Drifts- og vedlikehaldsplan
- ✓ Framdriftsplan (realisering innan 4 år)

Handlingsprogrammet gir ei oversikt over dei prioriterte anlegga, men er ikkje ei prioritert liste i seg sjølv. Prioritering av anlegga skjer ved den årlege rulleringa. Alle anlegg som er oppført i

handlingsprogrammet i planen har rett til å søke om spelemidler, og det er den årlege rulleringa av planen som skal prioritere søknadane.

Nærmiljøanlegg og ordinære anlegg med kostnadsramme under kr 600 000 treng ikkje vere med i handlingsprogrammet som vert vedteke av kommunestyret, men kan takast inn i handlingsprogrammet ved den årlege rulleringa. Denne typen anlegg treng heller ikkje stå i det langsiktige handlingsprogrammet i planen for å kunne rullerast inn.

Anlegg som vert løyvd midlar over 400 000 kroner har krav til revisjon av kommunen sitt revisor organ. Løyvingar som er mindre enn 400 000 skal reviderast av kommunen si økonomiavdeling eller laget sin eigen revisor.

## 6.2 PRIORITERT HANDLINGSPROGRAM 2019-2022

Ordinære anlegg	Utbyggjar	Invest.- kostnad (1000 kr)	Driftsutgift pr. år (1000 kr)	Byggjestart - Finansiering (1000 kr)											
				2019			2020			2021			2022		
				K	S	P	K	S	P	K	S	P	K	S	P
<b>Symjebasseng</b> Dalsøyra 25 x 12,5 m	Gulen kommune, lag/org., private	80 000	1 200				1 000			30 300	18 700		30 000		
<b>Symjebasseng, rehabilitering</b> Eivindvik	Gulen kommune, lag/org., private	x								x	x	x			
<b>Fleirbrukshall 25m x 45m</b> Dalsøyra / Ytre akse	Gulen fotballklubb	x								x	x	x			
<b>Skytebane rehab standplass 100 meter</b> Oppedal	Oppedal/Brekke skyttarlag	1 684		168	556	960									
<b>Skytebane rehab standplass 200 meter</b> Oppedal	Oppedal/Brekke skyttarlag	1 312		131	440	741									
<b>Prestegardstien II</b> Sollibotn-Eivindvik	Eivindvik Idrettslag	1 422		100	500	822									

<b>Kunstgrasbane med lys</b> 34 x 54 m Eivindvik skule	Gulen kommune/lag/org	1 814		1 129	605	80									
<b>Kunstgrasbane m/lys</b> 34 x 54 m Byrknes skule	Gulen kommune+lokale lag/org	x	x				x	x	x						
<b>Tennisbane</b> Dalsøyra	Gulen kommune + lokale lag/org	x	x				x	x	x						
<b>Lager/ garasjebygg</b> Dalsøyra	Gulen fotballkubb/Dalsøyra idrettslag	795		0	265	544									
<b>Den Trondhjemske postveg</b> Halsvik	Statens Vegvesen, Gulen kommune	832		196*	416	348									
<b>Dagsturhytte</b> Eivindvik	Gulen Kommune + Eivindvik Idrettslag	1 105		541*	364	200									

Forklaring til tabell;

Kostnader er eks. mva.

Kostnad på symjeanlegg (investering og drift) 25 meter er fastsett etter mogelegheitsstudiet som er gjort. Rehabiliteringsprosjektet og fleirbrukshall er ikkje teke stilling til kostnad, det må komme etter kvart som ein finn ut kva anlegg ein ynskjer. Fleirbrukshall, fotballhall, kaldhall er ulike bygg til ulik kostnad.

Alle kommunale anlegg rundt skuleplassane er lagt inn på 2020 for å kunne sjå dei i samanheng. Anlegga v/ Dalsøyra og Byrknes skule er ikkje kostnadsberekna enda og står dermed med x. Eivindvik skule har fått på plass kostnader i sine prosjekt. Dei vert teken inn i handlingsprogrammet for å danne ei oversikt over forventa anleggsutbygging rundt skulane i kommunen. Dette er ei effekt av «Teikn ditt skuleområde» og ein ynskjer sjå behov for anlegg i eit samla perspektiv. I løpet av våren 2019 vil ein få på plass kostnadsoverslag for alle anlegg som ein ynskjer realisere. Anlegg ein ventar kommunal finansiering på må takast inn i økonomiplanen i juni 2019, slik at ein får ein god prosess på finansieringsdelen.

Den Trondhjemske Postveg og Dagsturhytte er tildelt midlar i 2018 men står i planen til anlegga er ferdigstilt. Kommunal innsats er merka \*, dette fordi summen for søknaden er inkl mva, men denne får kommunen att. Dermed er dei reelle utgiftene mindre.

Nærmiljøanlegg	Utbyggjar	Invest.- kostnad (1000 kr)	Driftsutgift pr. år (1000 kr)	Byggjestart - Finansiering (1000 kr)												
				2019			2020			2021			20122			
				K	S	P	K	S	P	K	S	P	K	S	P	
<b>Hinderløype*</b> Brekke barnehage og skule	Gulen Kommune	658		358*	300											
<b>Sykelsti*</b> Brekke barnehage og skule	Gulen Kommune	989		689*	300											
<b>Ballbinge m/lys</b> Eivindvik 26 m x 18 m	Eivindvik IL	888		88	300	500										



<b>Rehabilitering Ballbinge</b> Byrknesøy	Ytre Gulen Idrettslag	501		0	250	251									
<b>Løpebane 70 m</b> Eivindvik skule	Gulen kommune	604		304	300	0									
<b>Hinderløype med zipline og lys</b> Eivindvik skule	Gulen kommune	2 906					2 606	300	0						
<b>Klatrevegg med lys</b> Eivindvik skule	Gulen kommune	527					263	264	0						
<b>Hinderløype med zipline og lys</b> Dalsøyra	Gulen kommune	x	x				x	x	x						
<b>Natursti</b> Dalsøyra	Gulen kommune	x	x				x	x	x						

<b>Utandørs bordtennisbord</b> Dalsøyra	Gulen kommune, FAU Lokale lag/org	x	x				x	x	x						
<b>Løpebane</b> Dalsøyra	Gulen kommune, lokale lag/org	x	x				x	x	x						
<b>Pumptrack</b> Byrknes	Gulen kommune, lag/org	x	x				x	x	x						
<b>Opprusting leikeområde</b> Byrknes	Gulen kommune, lag/org	x	x				x	x	x						
<b>Lysanlegg</b> Brekke	Lokal organisasjon	250					25	125	100						

<b>Naturleikeplass</b> Breidvikstølen	Lokal organisasjon	50											5	25	20
--	--------------------	----	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	---	----	----

Notat til tabellen. Alle anlegga her er nærmiljøanlegg. Dei skal i hovudsak driftast av lag og organisasjonar. Kommunale nærmiljøanlegg bør liggje knytt til oppvekstsentera.

Hinderløype og sykkelsti ved Brekke skule og barnehage blir ståande i planen til dei får tildeling. Anlegga er ferdige og i dagleg bruk.

Alle kommunale anlegg rundt skuleplassane er lagt inn på 2020 for å kunne sjå dei i samanheng. Anlegga v/ Dalsøyra og Byrknes skule er ikkje kostnadsberekna endå og står dermed med x. Eivindvik skule har fått på plass kostnader i sine prosjekt. Dei vert teken inn i handlingsprogrammet for å danne ei oversikt over forventade anleggsutbygging rundt skulane i kommunen. Dette er ei effekt av «Teikn ditt skuleområde» og ein ynskjer sjå behov for anlegg i eit samla perspektiv. I løpet av våren 2019 vil ein få på plass kostnadsoverslag for alle anlegg som ein ynskjer realisere. Anlegg ein ventar kommunal finansiering på må takast inn i økonomiplanen i juni 2019, slik at ein får ein god prosess på finansieringsdelen.

### 6.3 LANGSIKTIG HANDLINGSPROGRAM

<b>Utbyggingsprosjekt</b>	<b>Utbyggjar</b>	<b>Merknader</b>
<b>Brekke skulekrins:</b>		
Lagerrom v/Brekke skule	Brekke IL	Lager for idrettsutstyr
Opprusting av stadionanlegg, Tynning	Brekke IL	Løpebane 100 m. langs noverande idrettsbane Tennisbane Klatrestein/klatrevegg Generell opprusting
Utviding av aktivitetsanlegg, Ortneset	Ortneset vel	
Aktivitetsanlegg, Oppedal	Lokal organisasjon	Opprusting
Skiområde, Verkelandshøgda	Brekke Idrettslag	Lysløypetrasé for ski, betre merking og oppkøyring Tilrettelegging for parkering, toalett, bossdunk
Pistolbane, Oppedal	Brekke Idrettslag/ Brekke/Oppedal skyttarlag	Utebane ved eksisterande skytebane
Nærmiljøanlegg, Brekke barnehage	Gulen kommune	I tilknytning til utviding av barnehagen
Fleirbrukshall Brekke / Indre akse	Risnehall	Rehabilitering av gymsal, byggje ut til fleirbrukshall. Oppgradering av garderobeanlegg.

<b>Eivindvik skulekrins:</b>		
Opprusting av Eivindvik stadion		
Opprusting av skytebaneanlegg	Gula skyttarlag	
Tilrettelegging av badeplass ved Sollibotn	Lokal organisasjon	Sikre tilkomst for funksjonshemma
Rehabilitering tennisbane	Eivindvik IL	Tilrettelegging med nytt underlag og vegg til einespel
Etablering av rundturløype, Midtundalen	Lokal organisasjon	Oppgradering/utviding av eksisterande veg, passasje over elv
Sykkelløype (BMX, trial, cross)	Eivindvik IL/private	Etablere sykkelløype i grønområdet mellom Prestesundet byggjefelt og Stavsneset
Turveg til Gulatinget	Gulen kommune, lokal organisasjon	Tilrettelegging for auka bruk av Gulatingsparken, del av skuleveg.
Hinderløype	Tusenårsstaden	

Gulatingsparken, Flolid		
Frisbeegolf	Tusenårsstaden	
Gulatingsparken, Flolid		

<b>Dalsøyra skulekrins:</b>		
Tilrettelegging for friidrett		
Orienteringskart for Eidsbotn	Dalsøyra IL	
Tilrettelegging av bade plassar	Eidsbotn vel	Tilpassa funksjonshemma. Toalett, bossdunk, livbøye. Fiskebrygge
Sandvolleyballbane, Dalsøyra skule	Dalsøyra IL	
Modellflysenter	Gulen Luftsportsklubb	Verkstad 40-60m
Tribuneanlegg	Dalsøyra Idrettslag/banenemd	Byggje tribune langs kunstgrasbana
Tursti	Dalsøyra Idrettslag/banenemd	Steine/Hovden
Ballbinge	Dalsøyra Idrettslag/banenemd	Bustadfelt i Hovden
Overbygg/rehabilitering av leirduebane	Nyborg Skyttarlag	

<b>Byrknes skulekrins:</b>		
Aktivitetsanlegg, Mjømna		
Tilrettelegging av bade plass, Sande	Sandøy grendalag	Tilpassa funksjonshemma. Toalett, omkleiding, bossdunk, benkar
Tilrettelegging av bade plass, Sletthella	Lokal organisasjon	Enkel tilrettelegging
Tilrettelegging av bade plass, Indre Ingebergskjeret	Lokal organisasjon	Enkel tilrettelegging
Hus til pistolbane på Ånneland	Sandøy pistolklubb	Har bane, treng hus og forbetring
Utvikle nærmiljøanlegg, Byrknes	Lokal organisasjon	Oppgradere leikeapparat og skaffe nye tilbod til aktivitet i anlegga
Opparbeiding av tursti (grus), Byrkensøy	Lokal organisasjon	
Parkeringsplass ved Sletthella	Ytre Gulen idrettslag	Start for tursti til Byrknesfjellet
Badeflåte Siletjønna, Byrknes	Lokal organisasjon	
Utvikle nærmiljøanlegg, Ånneland	Lokal organisasjon	Oppgradere leikeapparat og skaffe nye tilbod til aktivitet i anlegga

Rehabilitering ballbinge, Ånneland	Lokal organisasjon	
Leikeplass ved ballbinge, Ånneland	Lokal organisasjon	
Utandørs treningspark i forbindelse med tursti	Lokal organisasjon	
Sanitæranlegg Badestrand Sande	Lokal organisasjon	Tilretteleggje for gode sanitærforhold

<b>Gulen:</b>		
Klubbhus		
Turstiar i fjell og sentrum	Lokale organisasjonar/ kommunen	Halde fram arbeidet med merking, rydding og gradering av turstiane i heile kommunen Tilrettelegging for dei med redusert funksjonsnivå
Kulturstiar	Lokale organisasjonar/ kommunen	Opprusting og tilrettelegging av turstiar knytt til kulturminner Vidareføre Kystled frå Solund til Gulen (samarbeid mellom Turlaget, Kystlaget og Fiskarbondemuseet) Opprusting av Postvegen
Naturleikeplassar	Lokale organisasjonar	Tilrettelegging for uteaktivitet (buldring/klatring, bading, gapahuk, grilling, padling, etc.)
Våtaktivitet	Lokale organisasjonar	Tilrettelegging for aktivitet i vatnet; innkjøp av kano/kajakk, oppbevaringsstader til desse, lage kart med forslag til ruter og overnatting
Gang- og sykkelsti	Kommunen, lokale organisasjonar	Tilrettelegging for gang- og sykkelstiar, spesielt i sentrumsnære områder og i tilknytning til skular for å sikre trygg skuleveg. Eivindvik-Flolid.
Utvikling av kulturskolen	Kommunen	Utvide tilbudet til å også å gjelde ulike former for dans

## 6.4 OMTALE AV DEI PRIORITERTE PROSJEKTA – ORDINÆRE ANLEGG

### 6.4.1 SYMJEANLEGG, DALSYRA OPPVEKSTSENTER

Det er eit stort behov for, og ynskje om, symjetilbod i Gulen. Eit nytt 25 m. basseng i tilknytning til ein fleirbrukshall på Dalsøyra vil dekke behov innanfor ulike brukargrupper; skulane vil få eit betre tilbod innanfor symjeopplæring, helsesektoren vil få eit nytt tilbod innanfor terapi og rehabilitering, idrettslaga

vil kunne tilby nye aktivitetar til innbyggjarane i kommunen og bedriftene i Sløvåg vil få eit fritidstilbod for sine arbeidrar. I tillegg vil dette opne opp nye moglegheiter for utvikling av vassrelatert aktivitet, og vere eit viktig bidrag til mellom anna Gulen Dykkesenter. Eit slikt anlegg vil gi kommunen eit generelt løft og bidra til fleire felles møteplassar forbetra trivsel blant innbyggjarane.

Eit slikt anlegg er svært kostnadskrevjande og avhengig av medfinansiering frå private aktørar. Det er difor ein føresetnad for realiseringa av dette prosjektet at kommunen finn alternative finansieringskjelder. I tillegg er det ynskjeleg med eit interkommunalt samarbeid med Masfjorden kommune for å styrke og utvide brukargruppa samtidig som ein får auka tilskot frå spelemiddelordninga.

#### **6.4.2 REHABILITERING AV BASSENGET I EIVINDVIK**

Ettersom ein symjehall på Dalsøyra er avhengig av privat finansiering for å verte realisert, er alternativet for å få eit symjetilbod i kommunen å rehabiliter bassenget i Eivindvik. Det å kostnadsberekne rehabilitering av eit symjeanlegg som er nesten 40 år gammalt og som har stått utan vatn i fleire år, er alltid usikkert. Erfaringar frå andre seier at ein bør rekne med at kostnadane vil ende på rundt kr 15 - 20 millionar for eit anlegg som kan tilby fullgod symjeopplæring til elevane i kommunen, symjetilbod for idrettslag og terapi og rehabilitering til helsesektoren. Tiltaket vert ståande i planen til saka er avgjort.

#### **6.4.3 FLEIRBRUKSHALL, DALSYØYRA / YTRE AKSE**

Fleire av idrettslaga i kommunen melder om sprengt kapasitet i gymnastikksalane på skulane. Ein fleirbrukshall vil gi kommunen eit heilårleg aktivitetstilbod innanfor mange ulike idrettar, samt at det vil opne opp for idrettar som ein ikkje kan tilby i dag grunna mangelfulle anlegg. Ein fleirbrukshall for heile kommunen vil opne opp for auka samarbeid mellom idrettslaga og skape felles møtepunkt for innbyggjarane i kommunen.

I tillegg vil samlokalisering av symjehall og fleirbrukshall redusere driftskostnader og kunne bidra til auka aktivitet, ein forenkla transportsituasjon og styrka fellesskap. Fleirbruksanlegg på Dalsøyra er oppført som sjølvstendig anlegg og er ikkje avhengig av at bygging av ny symjehall vert realisert.

#### **6.4.4 REHABILITERING STANDPLASS 100 METER, OPPEDAL/BREKKE SKYTTLARLAG**

Det er i dag etablert standplass på 100 meter ved skytebana på Indre Oppedal. Denne standplassen er i så dårleg forfatning at Oppedal/Brekke skyttarlag har planar om å byggje ny. Ny standplass vert på same tomt som dagens bygg. Skyteretning og nedslagsfelt vert det same som før. Gulen kommune har gjeve idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planen, og laget har fått spelemiddelsøknaden godkjent. Dei har ikkje fått tildeling på grunn av manglande midlar, men søknaden vil bli fornya til dei for tildeling. Det er stor aktivitet i laget, og dei vil få gode fasilitetar for trening og konkurranseskyting for jegerar og baneskyttarar i lang tid framover.

#### **6.4.5 REHABILITERING STANDPLASS 200 METER, OPPEDAL/BREKKE SKYTTLARLAG**

Det er i dag etablert standplass på 200 meter ved skytebana på Indre Oppedal. Denne standplassen er i så dårleg forfatning at Oppedal/Brekke skyttarlag har planar om å byggje ny. Ny standplass vert på same tomt som dagens bygg. Skyteretning og nedslagsfelt vert det same som før. Gulen kommune har gjeve idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planen, og laget har fått spelemiddelsøknaden godkjent. Dei har ikkje fått tildeling på grunn av manglande midlar, men søknaden vil bli fornya til dei for tildeling. Det er stor aktivitet i laget, og dei vil få gode fasilitetar for trening og konkurranseskyting for jegerar og baneskyttarar i lang tid framover.

#### **6.4.6 PRESTEGARDSTIEN II, EIVINDVIK**

Eivindvik IL er ferdig med Prestegardstien I som går frå Sollibotn til Øvre Stølen. Vidare er det planlagt ein del II som vil gå frå Gulen Sjukeheim på Øvre Stølen til Haugane. Her har stien ein del utfordringar som krev dispensasjonssøknad i samband med kulturminne, derfor er det tatt eit val på å avslutte del I og lage gode planar for del II.

Anlegget vil vere ei vesentleg utbetring av eksisterande sti, og det er lagt opp til universell utforming av vegen, med tilhøyrande lysanlegg. Prestegardstien I har fått idrettsfunksjonell godkjenning og vart tildelt spelemidlar i 2017. Prestegardstien II vil ha same tildelingspotensiale.

#### **6.4.7 KUNSTGRASBANE MED LYS, EIVINDVIK BARNEHAGE OG SKULE**

Etter nybygg av barnehage i tilknytning til Eivindvik Skule er det ein del av skuleplassen som er gått tapt til uteområde for barnehage og dei yngste elevane ved skulen. Skulen har merknader på tilsynsrapport angåande innemiljø, noko som skuldast mykje sand inn i bygget. Sanden kjem frå uteområdet som består av ei grusbane. Det er nødvendig å gjere tiltak her, og ved eit samarbeid med Gulen fotballklubb og Eivindvik Idrettlag ynskjer ein sikre eit heilårleg treningstilbud for fotball for aldersgruppa under 16 år. Det er stor aktivitet innan fotball, og ein ynskjer utsetje transport til Dalsøyra for desse yngre borna. Ved å legge ei kunstgrasbane på skuleplassen får vi løysing på desse problema. Bana er godkjent for kampar for 7`ar lag opp til og med 15 år, og både skulen og dei lokale laga vil få ein god arena for aktivitet og trening. Bana kan nyttast til all type aktivitet, som fotball, volleyball, slåball, friidrett, pil og boge-trening, fri leik osv.

Ein er i gang med forarbeid for å få levere inn søknad om spelemidlar. Anlegget vil ha ein prioritet på dagtid for skulen og på ettermiddag/kveld for organisert trening, men vil utover faste treningstider vere tilgjengelig for alle som ynskjer nytte det.

#### **6.4.8 KUNSTGRASBANE MED LYS, BYRKNES BARNHAGE OG SKULE**

Byrknes skule ynskjer å etablere ein kunstgrasbane på halve grusbana som ligg ved skulen i dag. Det er ikkje realistisk at dei har bruk for bane til 11`ar fotball, anlegget som ligg der er over 30 år som er grensa for krav til drift. Dermed kan anlegget omdefinierast og ein ynskjer utbetre dette til kunstgrasbane. Planar må utarbeidast og ein må få plass finansiering, ein håpar ha dette klart i løpet av 2019 slik at ein kan søkje spelemidlar i 2020.

#### **6.4.9 TENNISBANE, DALSYØRA SKULE OG BARNEHAG**

I forbinding med etablering av kunstgrasbana på Dalsøyra vart tennisbana som låg der fjerna. Dvs at baneunderlaget er der, men nett er fjerna. I forbinding med Teikn ditt skuleområde vert det no vurdert å få på plass tennisbana, enten på eksisterande baneområde eller å leggje ei ny frå grunnen av. Om ein vel å leggje ei ny må vi sjå om anlegget som har fått midlar før må fjernast, og om ein må betale tilbake spelemidlar som er tildelt. I såfall skal midlane komme kommunen til nytte i eit nytt prosjekt så det skal ikkje ha dei store konsekvesane i utgangspunktet. Alt dette må vurderast i prosessen. Planen vil bli ferdig utarbeida så ein kan søkje midlar i 2020, dermed takast den inn i prioritert handlingsprogram.

#### **6.4.10 LYSANLEGG, TUR- OG GANGVEG TUSENÅRSTADEN**

Tusenårsstaden Gulatinget jobbar med å få på plass eit lysanlegg på tur- og gangvegen som går frå Gulatingsparken og ut til vestre neset. Å få denne opplyst vil gje eit heilårleg turtilbod også i vinterhalvåret, det vert tryggare og kjekkare og ferdast der og det vert betre tilrettelagt for synshemma. Turvegen er i dag mykje brukt som mosjonløype, i forbinding med fjelltrim, og liknande.

#### **6.4.11 DEN TRONDHJEMSKE POSTVEG, HALSVIK**

Statens Vegvesen og kommunen samarbeider om å ruste opp Den Trondhjemske Postvei. Vi har to trasèar som treng restaurering, det er frå Postvågen til Halsvik, og Haveland til Rutledal. Ein vil starte



med Postvågen – Halsvik. Vegen er freda og må haldast i orden. Prosjektet fekk tildelt spelemidlar i 2018.

#### **6.4.12 DAGSTURHYTTE, EIVINDVIK**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit prosjekt på å plassere ei Dagsturhytte i kvar kommune i Sogn og Fjordane. Kommunen tek kostnad med opparbeiding av tomt, resten er finansiert i eit samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og spelemiddelordninga. Gulen kommune er med på prosjektet, og har søkt spelemidlar. Anlegget fekk tildeling på spelemidlar i 2018 og vil stå i planen til det er ferdigstilt. Utbetalinga vil skje i 2019. Hytta er plassert etter retningslinjene, og vert liggjande aust for Løypingåsen i Eivindvik – i eit allereie mykje nytta turterreng. Hytta skal verte tilgjengelig for alle, og vi håpar skule/barnehage vil nytte den aktivt. Der leggjast til rette for mykje aktivitet, kulturinnslag, mini-bibliotek, mm. Denne plasseringa gjer den lett tilgjengelig både for yngre og eldre, og vi håpar på mykje besøkjande.

### **6.5 OMTALE AV DEI PRIORITERTE PROSJEKTA – NÆRMILJØANLEGG**

#### **6.5.1 HINDERLØYPE, BREKKE BARNEHAGE OG SKULE**

På deler av uteområdet er det etablert ei hinderløype som har som føremål å styrke koordinasjon, motorikk og balanseevne hos borna og elevane. Den er sett saman av fleire installasjonar og kan nyttast av born i ulike aldrar. Anlegget er teke i bruk og ferdigstilling og rekneskapsamandrag er sendt inn. Søknaden på spelemidlar er godkjend og vil bli fornya til anlegget får tildeling. Det er gjort vedtak på forskotering av spelemidlar (ref. K-saker 21/15 og 68/15).

#### **6.5.2 SYKKELSTI, BREKKE BARNEHAGE OG SKULE**

Det er etablert ein sykkelsti på deler av uteområdet ved barnehage/skule. Anlegget er ferdigstilt og rekneskapsamandrag er sendt inn. Søknad på spelemidlar er godkjend og vert fornya til anlegget får tildeling. Løypa er i dagleg bruk. Det er gjort vedtak på forskotering av spelemidlar (ref. K-saker 21/15 og 68/15).

#### **6.5.3 BALLBINGE, EIVINDVIK**

Ballbinge i Eivindvik har lagt inne i handlingsprogrammet sidan førre plan. Prosjektet vart ikkje realisert, men med nytt byggefelt og nye eldskjeler i sving beheld vi det inne i handlingsprogrammet komande planperiode. Ballbingen er i tråd med kommunen sine retningslinjer om aktivitetsanlegg i tilknytning til der folk bur og oppheld seg.

#### **6.5.4 REHABILITERING BALLBINGE, BYRKNES BARNEHAGE OG SKULE**

Ballbingen ved Byrknes barnehage og skule vart oppført i 2008. Etter dette har anlegget vore i dagleg bruk, både i skuletida og kveld/helg/ferietid. Slitasjen på kunstgrasdekket og grunnen er etterkvart svært synleg og anlegget vil ha god nytte av rehabilitering. I tillegg er det komme til ein del problem i grunnen som gjer at bana har groper som samlar vatn, i tillegg til at bana er blitt skeiv. Ytre Gulen idrettslag er i gang med å søkje finansiering til prosjektet, og vil levere spelemiddelsøknad for 2019.

#### **6.5.5 LAGER/GARASJEBYGG, DALSYRA KUNSGRASANLEGG**

Dalsøyra Idrettslag og Gulen fotballklubb jobbar med eit fellesprosjekt for å få på plass eit nytt lager ved kunstgrasbana. Då boden/kiosken som står der i dag er lite tenleg til dette formålet tenkjer dei rive

denne og bygge ein ny og større bod. Den nye boden er planlagt til å inneholde lagerplass for vedlikeholdsutstyr for bana, oppbevaring plass for fotball utstyr og ein egen del for enkel kiosk drift.

Dette er planlagt som eit felles prosjekt mellom Dalsøyra idrettslag og Gulen fotballklubb, og det vil være banenemda som vil stå for hovudplanlegging/framdrift på prosjektet. Det jobbast med å ferdigstille søknad på spelemidlar i 2019.

#### **6.5.6 LØPEBANE MED LYSANLEGG, EIVINDVIK SKULE**

I samband med etablering av kunstgrasbane ved Eivindvik barnehage og skule, og «Teikn ditt skuleområde» ynskjer ein å utnytte arealet som er tilgjengelig maksimalt. Sikringssona rundt bana kan nyttast til løpebane, der vi får plass til to baner. Det vil vere prisingstilig å lage dette til samstundes med opprusting av plassen, og ein kan hente ut spelemidlar på tiltaket. Ein er i gang med forarbeid for å få levere inn søknad om spelemidlar i 2018. Anlegget vil vere tilgjengelig for alle som ynskjer nytte det.

#### **6.5.7 HINDERLØYPE MED ZIPLINE OG LYSANLEGG, EIVINDVIK SKULE**

I forbinding med «Teikn ditt skuleområde» har ein vurdert heile uteområdet kring skulen/barnehagen. Det er i dag ein leikeplass på haugen nordaust for skulen. Denne er i svært dårleg forfatning med øydelagte leikeapparat, stygt underlag ein kan skade seg på, og etter kvart ein del store tre med dårleg feste som bør fjernast. For dette området er det nødvendig med oppgradering om det skal nyttast til leik og aktivitet. Her ynskjer skulen å få på plass eit aktivitetsanlegg. Ei hinderløype med integrert zipline er eit anlegg som kan skape mykje aktivitet. Eit slikt anlegg legg til rette for trening/leik som styrker balanse, koordinasjon og styrke i kroppen. Det vil vere eit godt apparat til bruk i gymtimar. Elevane ved skulen har vore aktive i prosessen med val av type nærmiljøanlegg, og ein er i gang med forarbeid for å få levere inn søknad om spelemidlar i 2019. Anlegget vil vere tilgjengelig for alle som ynskjer nytte det.

#### **6.5.8 KLATREVEGG MED LYSANLEGG, EIVINDVIK SKULE**

I samband med «Teikn ditt skuleområde» har vi vurdert heile uteområdet rundt skulen/barnehagen. Eksisterande klatrevegg er rotta, og fjerna. Denne kan vi byggje oppatt i samanheng med hinderløype som er under planlegging på haugen. Ein kan løyse ut spelemidlar på tiltaket. Det krevst opparbeiding av fallunderlag og innboring av klatrefester. Ein er i gang med forarbeid for å få levere inn søknad om spelemidlar i 2019. Anlegget vil vere tilgjengelig for alle som ynskjer nytte det.

#### **6.5.9 HINDERLØYPE MED ZIPLINE OG LYSANLEGG, DALSYØRA SKULE**

Dalsøyra skule ynskjer få på plass ei hinderløype med integrert Zipline og lysanlegg. Der vil bli leikeapparat for dei minste elevane som kan nyttast isolert, men som og kan brukast som ein del av ein hinderløype som kan brukast i kroppsvingstimar, av idrettslag og andre for å auke fysisk aktivitet. Planane er under utarbeiding og ein reknar med dei er klar til å søkje spelemidlar i 2020.

#### **6.5.10 NATURSTI, DALSYØRA**

Dalsøyra skule ynskjer setje fokus på å utvikle ei trimløype mot Stølsåsen slik at også rullestol kan brukast. Vidare utvikling av natursti/trimløype opp mot Rammfjellet. Tiltaket kan bli eit samarbeidsprosjekt mellom skulen og lokale lag og organisasjonar. I prosessen fram mot søknad må ein avklare kven som bør drifte eit slikt anlegg og kven som bør stå som eigar. Tiltaket er under planlegging og ein reknar med dei er klar til å søkje spelemidlar i 2020.

#### **6.5.11 UTANDØRS TENNISBORD, DALSYØRA**

Dalsøyra skule ynskjer etablere ei grillhytte som kan kombinerast med bordtennisaktivitet. Grillhytta får ein ikkje spelemidlar til, men bordtennisbord og nødvendig grunnarbeid kan ein få midlar til. Å leggje til rette for utandørsaktivitet som likevel er under tak er eit godt tiltak. Ein forventar ein spelemiddelsøknad i 2020.

#### **6.5.12 LØPEBANE, DALSYØYRA**

Dalsøyra skule ynskjer jobbe for å få etablert ei løpebane på langsida av kunstgrasbana. Der kan ein og setje opp hinder som ein del av hinderløypa mot leikeområde skissert under punkt 6.5.11, Hinderløype med zipline. Slik kan ein få eit fleirbruksaktivitetsområde som inviterer til mykje aktivitet, i tillegg kan borna drive ulike aktivitetar men likevel vere i same området. Vi forventar ein spelemiddelsøknad i 2020.

#### **6.5.13 PUMPTRACK, BYRKNES SKULE**

På eksisterande grusbane ved Byrknes skule ynskjer skulen å nytte halve bana til å etablere ein Pumptrack. Dette er eit anlegg for sykkel og brett, der ein lagar ein installasjon med baner, kurver, oppover og nedoverbakkar som ein sykklar og/eller scatar oppi. Den eksisterande bana er over 30 år gammal og ein kan dermed omdefinere anlegget. Ein håpar å få utarbeida planar og få eit oversyn over kostnad og finansiering iløpet av 2019 slik at ein kan søkje spelemidlar i 2020.

#### **6.5.14 OPPRUSTING LEIKEOMRÅDE, BYRKNES SKULE**

Eksisterande leikeområde ved Byrknes skule ligg i eit område der grunnen er dårleg drenert. Ved regntunge dagar ligg store delar av området under vatn. Skulen ynskjer få utbetra dette og vil iløpet av 2019 få eit oversyn over kostnad og finansiering. Ein håpar å få klar ein spelemiddelsøknad til 2020.

#### **6.5.15 LYSANLEGG TURVEG, ORTNESET / BREKKEBYGDA**

Brekke Bygdekvinnelag jobbar med å få til eit lysanlegg tilknytt eksisterande turveg frå bustadfeltet på Ortneset til båthamna/butikken i Brekke. Turvegen nyttast både av skuleelevar og som turveg for mosjonistar, og ved å få lys på anlegget vil ein få ein tryggare og kjekkare turveg som kan nyttast heile året. Det er ikkje sikkert laget klarar bli ferdig med prosjektet for å søkje midlar i 2019, men dei er godt i gang. Om dei ikkje rekk bli klar til 2019 kan dei få inn søknaden i 2020.

#### **6.5.16 NATURLEIKEPLOSS, BREIDVIKSTØLEN**

Fjellpostane Lomtjøna, Breidvikstølen og Langevatnet i Bålen/Breidvik er mykje brukte og stien opp til Breidvikstølen er god. Her er også skogsvei fram til stølsvatnet og dette gjer stølen tilgjengeleg for dei fleste. Gjennom dette prosjektet jobbar ein med å etablere leikeplassar/aktivitetsplassar oppe ved stølsvatnet der det er lett å fiske, bade, padle i kano og klatre. I tillegg gjev gapahuken gode mogelegheiter. Dette er eit prosjekt som passar godt inn i sentrale satsingar på aktivitet for born og unge, og friluftsliv. Det planleggast bruer slik at ein kjem fram med sykkel og barnevogn, og delar av området er tilgjengeleg med rullestol. Området kan vidareutvikle meir, let det derfor stå i planen vidare.

### **7. HANDLINGSPROGRAM KULTURBYGG**

Tilskotsordninga for tilskot til kulturbygg er basert på overskotet frå statlege spel og det skal no søkast om tilskot til kulturbygg på same måte som for idrettsanlegg. Dette betyr at dersom det er meir enn ein

søkar frå kommunen, så må det gjerast ei politisk prioritering av desse søknadane før dei kan sendast til handsaming i fylkeskommunen.

Eit allereie vedteke kommunalt handlingsprogram vil gjere denne prioriteringa meir føreseieleg for alle involverte partar. Dette gjer det mogleg for kommunen å vere betre førebudd til å ta imot eventuelle søknader om kommunalt tilskot, samtidig som lag og organisasjonar er medvitne om sin plass på handlingsprogrammet og kan planlegge restaureringsarbeidet der etter. Kommunalt tilskot til kulturbygg utover det som allereie vert gitt gjennom kulturmidlane er i utgangspunktet berre aktuelt for dei prosjekta som søker om spelemidlar.

Handlingsprogrammet for kulturbygg skal inkluderast i planen og rullerast årleg samtidig med handlingsprogrammet for idrettsanlegg. Nye prosjekt kan då takast inn i handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet nedanfor tek utgangspunkt i innspel som har kome inn til administrasjonen etter førespurnad i samband med denne planen og i samband med utarbeidinga av retningslinjene for kulturbygg.

Kulturbygg	Tiltak	Kostnadsoverslag	Tidsråde
<b>Brandangersund samfunnshus</b>	-påbygg med inngangsparti for rullestolrampe, garderobe og toalett - skifte vindauger - isolere ytterveggar	Kr 1 700 000	2014
<b>Asheim grendehus</b>	- oppgradere toalett og garderobeanlegg med universell utforming - tilkomst for rullestol frå parkeringsplass	Kr 700 000	Usikkert
<b>Vårtun samfunnshus</b>	-tørke ut vegg og rette opp i jordfeil etter lekkasje -restaurere inngangsparti og skifte kledning på overbygg -skifte tak og vassbord på uthus -lage ekstra nødutgang frå ungdomsklubb -bygge ut parkeringsplass	Kr 500 000	Usikkert
<b>Oppedal samfunnshus</b>	-utskifting av det elektriske anlegget -ombygging med nytt kjøkken	Kr 450 000	Usikkert Gjennomført 2016
<b>Haugartun grendehus</b>	-påbygg med inngangsparti for rullestolrampe, garderobe og toalett	Kr 1 200 000	Usikkert

	-isolering av heile huset -skifte ut kledning og vindauger		
<b>Dalsgrend grendehus</b>	- opparbeiding av vassklosset -utviding av uteområde -generell oppgradering av bygget	Usikkert	Usikkert
<b>Nordgulfjorden grendehus</b>	Nybygg	Usikkert	Usikkert
<b>Risnehall</b>	Ombygging/rehabitering Oppgradere garderobefasilitetar Universell utforming inngangsparti Amfi	Usikkert	Usikkert

## 8. VEDLEGG

### Vedlegg 1; oversikt over strategiar og satsingsområder i Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019

<b>Aktiv kvardag</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Det må vere enkelt å ta positive val for eiga helse</li></ul>
<b>Aktivt nærmiljø</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utviklinga av våre nærmiljø må skje slik at det vert tryggare, meir attraktivt og lystbetont å velje ein aktiv livsstil for alle</li><li>• Det er kommunane som har hovudansvar for å leggje til rette for fysisk aktivitet i lokalsamfunna</li><li>• Friluftsanlegg slik dei er definert i gjeldande føresegner frå Kulturdepartementet skal ha førsteprioritet ved tildeling av spelemidlar.</li></ul>
<b>Aktiv fritid</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Eigenorganisert aktivitet</b></li><li>• <b>Organisert aktivitet og frivillig arbeid</b></li><li>• <b>Friluftsliv</b></li><li>• <b>Idrett</b></li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Det er viktig å skape fleire arenaer for eigenorganisert fysisk aktivitet</li><li>• Det er viktig å informere om arenaene til ulike målgrupper</li><li>• Det er ynskjeleg med eit breiare tilbod innan organiserte fritidsaktivitetar</li><li>• Tilboda bør vere attraktive for fleire, særleg for ungdom, vaksne og eldre</li><li>• Det er eit mål at rammevilkåra til frivillig sektor vert styrka i planperioden</li><li>• Utviklingsavtalar med frivillig sektor vert prøvd ut for å nå måla i planen</li><li>• Ynskjer at fleire av innbyggjarane skal få nytte naturen som arena for fysisk aktivitet</li><li>• Målet er at friluftsansisasjonane i auka grad kan gje tilbod om organiserte friluftaktivitetar</li><li>• Viktig for all aktivitet at allemannsretten står ved lag</li><li>• Viktig å ta best mogeleg vare på friluftsområda våre og sikre tilgangen til desse fordi dei er viktige arenaer for mellom anna fysisk aktivitet</li><li>• Aktivitetane skal fremje helse og trivsel, vere allsidig, inkluderande og gje rom for fysisk aktivitet fro innbyggjarane</li><li>• Idretten i fylket og i kommunen skal jobbe breidt med offentlege institusjonar, frivillige organisasjonar og andre aktørar for å auke generell fysisk aktivitet for innbyggjarane</li><li>• Ynskjer at idretten kan gje tilbod til endå fleire, fyrst og fremst til dei særlege målgruppene i planen</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ynskjer at det frivillige arbeidet i idretten er styrka og halde ved lag som den bærande krafta i idrettslaga.</li> </ul>
<b>Kommersielle tilbod</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Viktig å legge til rette for at denne næringa kan nytte vekstpotensialet sitt og stykje tilbodet sitt</li> </ul>
<b>Aktiv oppvekst</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Helsefremjande barnehagar</b></li> <li>• <b>Helsefremjande grunnskule og SFO</b></li> <li>• <b>Helsestasjon skulehelsetenesta</b></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Offentlege aktørar tek ansvar for å aktivisere born og unge innanfor eigne tenesteområder</li> <li>• Barnehagane i fylket skal leggje vekt på fysisk aktivitet, uteleik og friluftsliv</li> <li>• Eksisterande og nye barnehagar skal utformast slik at leik og aktivitet skaper fysisk rørsle</li> <li>• Tilsette og leiinga i barnehagane skal ha tilstrekkeleg kompetanse og kunnskap om det å vere fysisk aktiv og om aktivitetsskapande tiltak</li> <li>• Det er eit mål at alle elevar skal vere ein time fysisk aktive i skuletida kvar dag</li> <li>• Tilsette og leiinga i barnehagane skal ha tilstrekkeleg kompetanse og kunnskap om det å vere fysisk aktiv og om aktivitetsskapande tiltak</li> <li>• Grunnskulane i Sogn og Fjordane bør ha ei fysisk utforming som legg til rette for og skapar fysisk aktivitet</li> <li>• Anlegg som har rett til spelemidlar bør leggjast i tilknytning til skulen i nærmiljøet</li> <li>• Helsestasjon og skulehelsetenesta har ei sentral rolle i forhold til rettleiing og folkehelsearbeid.</li> </ul>
<b>Aktiv aldring</b>  <b>Aktiv etter evne</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Helsetenesta</b></li> <li>• <b>Frisklivssentralar</b></li> <li>• <b>Folkehelsekoordinator</b></li> <li>• <b>Institusjon og offentlege bu-/dagtilbod</b></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er eit mål at alle kan vere fysisk aktive gjennom heile livet</li> <li>• Helsetenesta bør legge til rette for individuell aktivitet og systemretta tiltak</li> <li>• Psykisk helse har stort utbytte av treningstilbud</li> <li>• Etablere rutinar for samarbeid mellom fastlege og andre rekvirentar</li> <li>• Det er viktig å arbeide vidare for å vidareutvikle satsing på frisklivssentralar</li> <li>• Målet er å sette i gang innsatsen før sjukdom oppstår</li> <li>• Alle kommunar bør ha frisklivssentral</li> <li>• Koordinatorane spelar ei viktig rolle for å auke tilboda om fysisk aktivitet</li> <li>• Menneske som bur på institusjon eller nyttar eit offentleg bu-/dagtilbod skal ha høve til å vere fysisk aktive</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei som har eit hjelpebehov må også få hjelp og rettleiing slik at deira behov for fysisk aktivitet vert dekkja</li> </ul>
<b>Aktivt arbeidsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er viktig at arbeidsstaden vert lagt til rette for og fremjar fysisk aktivitet</li> </ul>
<b>Saman for fysisk aktivitet</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Fylkeskommunen, ein pådrivar</b></li> <li>• <b>Fylkeskommunen som vegeigar</b></li> <li>• <b>Kommunane</b></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Offentleg, privat og frivillig sektor må auke sin innsats for at fleire skal vere aktive</li> <li>• Fylkeskommunen etablerer naudsynt nettverksarbeid for iverksetting, erfaringsutveksling og kompetansebygging</li> <li>• Satse på, og leggje til rette for aktiv transport og berekraftig mobilitet. Dette gjerast f eks ved utbygging av gang- og sykkelveggar, parkeringsplass ved utfartsstader, osv</li> <li>• Gjennom god strategisk- og arealplanlegging skal det leggjast til rette for fysisk aktivitet</li> <li>• Kommunane vert oppmoda til å prioritere dei anlegga som aktiviserer flest av innbyggjarane i kommunen</li> <li>• Kommunen må på alle arenaer leggje til rette for at alle innbyggjarane i kommunen får lett tilgang til fysisk aktivitet og vert motivert til å vere tilstrekkelig fysisk aktive</li> </ul>

**GULEN - HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA med:**  
gode oppvekstvilkår  
livskraftige og samarbeidande bygder  
mangfald og rom for alle

